

Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune

Del II Verksemdoversikt 2025

Innhald

4. Generelt om del II	5
4.1 Kort oversikt over eigarskap og andre engasjement.....	6
5. Aksjeselskap (AS)	7
5.1 Om selskapsforma	7
5.2 Aksjeselskap innan eigedom og utbygging	7
Bjørnefjorden Utbygging AS	7
HFK Bussanlegg AS.....	9
HFK Tomt Knarvik AS	11
5.3 Aksjeselskap innan infrastruktur og veg	13
E134 Haukelivegen AS.....	13
Ferde AS.....	14
Stavanger2Bergen AS.....	16
5.4 Aksjeselskap innan kultur og folkehelse.....	17
AS Den Nationale Scene (DNS).....	17
Carte Blanche AS	19
Det Vestnorske Teateret AS	20
Idrettsklynge Vest AS	22
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	23
Norsk Fjordhestsenter AS	25
Sentralbadet AS	27
Teater Vestland AS.....	28
Vestnorsk filmsenter AS.....	30
5.5 Aksjeselskap innan mobilitet og kollektivtransport	31
Bybanen AS.....	32

Skyttel AS	33
Sunnhordland Lufthavn A/S	35
TET Digital AS	37
5.6 Aksjeselskap innan næring, plan og innovasjon.....	39
Atheno AS	39
Bergen Vitensenter AS (ViVite)	41
Campus Førde Verftet AS.....	43
Fjord Invest Såkorn AS	45
Fjord Norge AS (Fjord Norway)	46
Framtidsfylket AS	47
Kunnskapsparken Vestland AS.....	49
Njøs frukt- og børsenter AS.....	52
Sogn og Fjordane Fondet AS.....	53
Sognasmak AS.....	56
Tidligfasefond Vestland I AS.....	58
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir).....	60
5.7 Aksjeselskap innan næring, plan og innovasjon – arbeidsmarknadsbedrifter	61
Beredt AS	61
Beredt Inkludering AS	63
Gløde Utvikling AS	64
Hardanger AKS AS.....	66
Kveik AS	68
Movia Holding AS	69
Opero Holding AS	70
Origod Fram AS.....	72
Sogneprodukt AS.....	73
5.8 Aksjeselskap innan organisasjon og økonomi	74

Kommunekraft AS	74
Sogn og Fjordane Holding AS	76
Valen Kraftverk AS.....	77
5.9 Avvikla eigarskap i aksjeselskap (sidan sist eigarskapsmelding)	79
Fremtidens Hurtigbåt AS.....	79
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	80
Moster 2024 AS	81
Opplæringsfartøy AS	81
6. Særlovselskap	82
6.1 Om selskapsforma	82
6.2 Selskapet.....	82
Innovasjon Norge.....	82
7. Interkommunale selskap (IKS).....	84
7.1 Om selskapsforma	84
7.2 Interkommunale selskap innan eigedom og utbygging	85
Grieghallen IKS.....	85
TH Eigedom IKS.....	86
7.3 Interkommunale selskap innan IKT og digitalisering	88
Novari IKS.....	88
8. Samvirkeføretak (SA).....	90
8.1 Om samarbeidsforma.....	90
8.2 Samvirkeføretak innan IKT og digitalisering	91
Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurscenter SA (KDRS).....	91
8.3 Samvirkeføretak innan kultur og folkehelse	92
Biblioteksentralen SA	92
Sinjarheim SA.....	94

9. Kommunale oppgåvefellesskap (KO)	95
9.1 Om samarbeidsforma.....	95
9.2 Kommunale oppgåvefellesskap innan kultur og folkehelse	96
Kommunearkivordninga i Vestland Kommunalt Oppgåvefellesskap	96
9.3 Kommunale oppgåvefellesskap innan opplæring og kompetanse.....	98
Det kommunale oppgåvefellesskapet Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)	98

4. Generelt om del II

Lov om fylkeskommunar og kommunar (kommunelova) krevjar at fylkeskommunen minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding.¹ Denne skal bli vedteke av fylkestinget.

Av kommunelova går det fram at eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring,
- ein oversikt over selskap, fylkeskommunale føretak og andre verksemdar som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og
- fylkeskommunen sine føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemdene.²

Vestland fylkeskommune har delt eigarskapsmeldinga inn i to delar. Den første delen omhandlar eigarpolitikk og eigarstyring. Del I vart vedteke av fylkestinget 19.06.24 og gjeld for perioden 2024-2028.³ Den andre delen av eigarskapsmeldinga består av ei verksemdsoversikt med informasjon om dei ulike verksemdene. Vidare omtalar del II fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapa, status for politiske vedtak om eigarskapa og tilråding om vidare eigarskap eller avvikling av eigarskap. Del II blir lagt fram for fylkestinget årleg⁴ og vart sist vedteke 11.12.24 for året 2024.

¹ Kommunelova § 26-1 (1).

² Kommunelova § 26-1 (2).

³ [Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune Del I 2024-2028](#)

⁴ Fylkestinget vedtok 11.11.23 (i PS 93/2023) at det skal bli utarbeida ein årleg rapport til fylkestinget med oversikt over selskapa som fylkeskommunen har eigardel i (eventuelt også med status knytt til viktige hendingar, økonomi og liknande).

Fylkesdirektøren legg no fram ein ny del II for 2025.

Eigarskapsmeldinga del II er skriva med grunnlag i årsrekneskap,⁵ årsrapportar, rapporter til eigar, protokoller frå generalforsamlingar og årsmøte mv. samt vedtekter og avtaler (m.a. aksjonæravtalar). Del II er i år forenkla i nokon grad, ved at meldinga fokuserer på rapportering angående *fylkeskommunen* sitt føremål med eigarskap i verksemdene og *fylkeskommunen* sin forvaltning av eigarskapa. Selskapa rapporterer i eigen årsrapport angående drift, økonomisk utvikling og samfunnsansvar mv.

4.1 Kort oversikt over eigarskap og andre engasjement

Per 31.12.25 har Vestland fylkeskommune

- eigarskap i 43 aksjeselskap,
- eigarskap i eit særlovselskap,
- deltaking i tre interkommunale selskap,
- medlemskap i tre samvirkeføretak, og
- deltaking i to kommunale oppgåvefelleskap.

I 2024/2025 har Vestland fylkeskommune inngått eigarskap i fem aksjeselskap⁶ (medrekna i dei 43 aksjeselskapa nemnt overfor). Sidan sist eigarskapsmelding del II har fylkeskommunen også avvikla eigarskap i fire aksjeselskap (i perioden 2024/2025).⁷

Dei ulike selskapa mv. er i den komande framstillinga sortert innan følgende område:

- Eigedom og utbygging
- Infrastruktur og veg
- Kultur og folkehelse
- Mobilitet og kollektivtransport
- Næring, plan og innovasjon
- Næring, plan og innovasjon – arbeidsmarknadsbedrifter
- Organisasjon og økonomi (eigarskapa har finansielt formål)

⁵ Merk at årsrekneskapane for 2025 ikkje er avlagt, og difor er årsrekneskapane for 2024 lagt til grunn. Aksjeselskap har frist for godkjenning av årsrekneskap den 30. juni kvart år.

⁶ I 2024/2025 har fylkeskommunen inngått eigarskap i Sentralbadet AS, Bjørnefjorden Utbygging AS, TET Digital AS, Tidlegfasefond Vestland AS og Stavanger2Bergen AS.

⁷ I 2024/2025 har fylkeskommunen avvikla eigarskapen i Fremtidens Hurtigbåt AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Moster 2024 AS og Opplæringsfartøy AS.

5. Aksjeselskap (AS)

5.1 Om selskapsforma

Lov om aksjeselskap (aksjelova) regulerer aksjeselskap (AS). Av lovas § 1-1 (2) går det fram:

Med aksjeselskap forstås ethvert selskap hvor ikke noen av deltakerne har personlig ansvar for selskapets forpliktelser, udelt eller for deler som til sammen utgjør selskapets samlede forpliktelser, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov.

Eit aksjeselskap skal ha ein aksjekapital på minst kr. 30.000.⁸ Vidare må eit aksjeselskap ha eit styre⁹ og forvaltninga av selskapet høyrer til under styret.¹⁰ Eigaraane av eit aksjeselskap utøver likevel den øvste mynde i selskapet gjennom generalforsamlinga.¹¹

I tillegg til aksjelova, er eit aksjeselskap regulert av vedtekter.¹² Vidare kan også andre lovverk gjelde, t.d. kommunelova, forvaltningslova, offentleglova, regnskapslova, skattelova, anskaffingslova, openheitslova mv. samt eventuelle særlover.

5.2 Aksjeselskap innan eigeendom og utbygging

Bjørnefjorden Utbygging AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	01.03.1990
Organisasjonsnummer	957764150
Forretningsadresse	5640 EIKELANDSOSEN
Kommune	Bjørnafjorden kommune

⁸ Aksjelova § 3-1 (1).

⁹ Aksjelova § 6-1 (1).

¹⁰ Aksjelova § 6-12 (1).

¹¹ Aksjelova § 5-1 (1).

¹² Aksjelova § 2-2 jf. § 2-1 (1).

E-postadresse	Jostein.Hausevik.Fjerestad@vlfk.no (styreleiar)
Nettadresse	----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	244
Total aksjekapital	kr 244 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	244
Innskoten aksjekapital	kr 244 000
Eigardel i prosent	100 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	10.06.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	30.06.25 ved Jon Askeland
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets formål er å drive med tilrettelegging og utbygging av fritids-, bustad- og næringsområde, samt alt annet som har naturlig sammenheng med dette, herunder deltakelse i andre selskap med lignende virksomhet.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i Bjørnefjorden Utbygging AS er knytt til at selskapet er eigar av eigedomen Leiro 43. Fylkeskommunen nyttar denne eigedomen til å drive både Fusa vidaregåande skule og Eikelandsosen tannklinikk. Dette er fylkeskommunale oppgåver.
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 11.12.24 (i PS 155/2024) om å gi fylkesdirektøren fullmakt til å inngå avtale om kjøp av Bjørnefjorden Utbygging AS for kr. 90.000.000 med frådrag for gjeld og tillegg for aktiva i selskapet. Bakgrunnen for vedtaket om kjøp var at selskapet eigde egedomen Leiro 43, som fylkeskommunen tidlegare har leigd frå selskapet. Egedomen har vore nytta til å drive både Fusa vidaregåande skule og Eikelandsosen tannklinikk.</p> <p>Kjøpsavtale vart inngått 19.12.24 og oppgjersavtale vart inngått 13.02.25. Kjøpet vart finansiert frå investeringsbudsjettet til avdelinga for egedom og utbygging i tråd med vedtaket i fylkestinget. Ervervet av aksjane vart innført i aksjeeigarboka 28.02.25.</p>
Tilråding om eigarskapen	<p>Fylkeskommunen har nyleg kjøpt selskapet for å ivareta føremålet som nemnt ovanfor. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.</p> <p>Til orientering arbeidast det med å avklare om eigarskapen til egedomen Leiro 43, utan vesentlege skattekostandar, kan bli overført frå Bjørnefjorden Utbygging AS til Vestland fylkeskommune. Då vil fylkeskommunen kunne eige egedomen direkte, tilsvarande som fylkeskommunen eig andre bygningar som blir nytta av vidaregåande skuler og tannklinikkar. Vidare vil selskapet kunne bli avvikla.</p> <p>Om ei slik omstrukturering ikkje let seg gjennomføre på ein økonomisk og føremålstenleg måte, og fylkeskommunen dermed held fram med eigarskapen i Bjørnefjorden Utbygging AS, bør vedtektene til selskapet bli endra i tråd med at selskapet driv tilrettelegging (og eventuelt utbygging) av opplæringsstad og tannhelseklinikk.</p>

HFK Bussanlegg AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	26.02.2009
Organisasjonsnummer	993798487
Forretningsadresse	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	Jostein.Hausevik.Fjerestad@vlfk.no (dagleg leiar)
Nettadresse	----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	100
Total aksjekapital	kr 100 000

FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	100
Innskoten aksjekapital	kr 100 000
Eigardel i prosent	100 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har eit fylkeskommunalt lån, som etter siste nedbetaling er på kr. 57.700.000 (per 31.12.25).
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	11.06.25 ved Arve Helle
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapets formål er å direkte eller indirekte eie bussanlegg i Hordaland [endrast til "Vestland" i 2026] for å tilrettelegge for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmennyttig karakter og skal ikke del ut utbytte. Selskapets eiendeler og de ressurser som genereres gjennom virksomheten skal anvendes til selskapets formål.</i></p> <p>HFK Bussanlegg AS eig 100 % av aksjane i følgende selskap (datterselskap):</p> <ul style="list-style-type: none"> - HFK Bussanlegg Fana AS - HFK Bussanlegg Knarvik AS - HFK Bussanlegg Lonevåg AS - HFK Bussanlegg Mannsverk AS - HFK Bussanlegg Straume AS
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i HFK Bussanlegg AS er å direkte eller indirekte eie bussanlegg i Vestland, for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Dette er fylkeskommunale oppgåver.
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	Fylkestinget gjorde vedtak 09.12.25 (i PS 119/2025) om å endre selskapets namn frå HFK Bussanlegg AS til VLFK Bussanlegg AS. Dette inneber endringar i vedtektene. Endringane vart handsama og godkjend i ei forenkla generalforsamling 27.01.26. Endringane blir meldt inn til Brønnøysundregisteret og retting av forretningsadresse blir også meldt inn.
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

HFK Tomt Knarvik AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	17.03.2016
Organisasjonsnummer	917328862
Forretningsadresse	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	Jostein.Hausevik.Fjerestad@vlfk.no (dagleg leiar)
Nettadresse	----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1
Totalt antal aksjar	197738
Total aksjekapital	kr 197 738
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	197738
Innskoten aksjekapital	kr 197 738
Eigardel i prosent	100 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	11.06.25 ved Arve Helle
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----

FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets virksomhet er eie og utvikling av eiendom, samt det som naturlig står i forbindelse med dette.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i HFK Tomt Knarvik AS (som er eigar av eiegenomen med gnr. 185, bnr. 86 og 249 i Alver kommune) er tett knytt til ansvarsområda for fylkeskommunen innan infrastruktur og veg / mobilitet og kollektivtransport. Tomta vart tenkt nytta som innfartsparkering. Sjå likevel under angående status for eigarskapen.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 15.12.20 (i PS 138/2020) om å be fylkesdirektøren starte ein prosess for avvikling av eigarskapen i HFK Tomt Knarvik AS. Bakgrunnen for vedtaket var at tomte som selskapet er eigar av, ikkje lenger var vurdert som aktuell for innfartsparkering. Fylkeskommunen hadde difor ikkje lenger bruk for tomte og eigarskapen skulle avviklast. Dette enten ved sal av tomte og avvikling av selskapet, eller ved sal av aksjane i selskapet. Den siste løysinga vart tilrådd av revisor, av omsyn til kva skatteplikt dei ulike løysingane kunne medføre.</p> <p>Det visast til at fylkesdirektøren orienterte i sist eigarskapsmelding del II for 2024 (handsama i fylkestinget 11.12.24) om at prosessen for avvikling av eigarskapen i selskapet vart satt på vent, grunna ein pågåande planprosess og mogleg endring av arealformål for området.</p> <p>Generalforsamlinga 11.06.25 fatta følgande vedtak: <i>Salet av aksjane i selskapet, jf. fylkestinget sitt vedtak om sal av 15.12.2020, må utsetjast ytterlegare. Dei to tomtene som selskapet eig, gnr. 185 bnr. 86 og 249 i Alver kommune, er omfatta av fleire planar som gjeld både E39 og fylkesveg. Statens vegvesen har opplyst at delar av tomtearealet kan verte avsett til vegformål, og næringsmeklar som har oppdraget med sal frarår sal av aksjane i selskapet før planstatus er avklart. 20.03.2024 vedtok utval for areal, plan og miljø i Alver kommune å sende kommunedelplan for E39 Flatøy - Eikefettunnelen ut til høyring og offentleg ettersyn. Det har deretter vore arbeidd administrativt med dei innkomne merknadane. Det vil enno gå ein del tid før det bearbeidde planforslaget skal til kommunestyret for endeleg vedtak.</i></p>
	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 09.12.25 (i PS 119/2025) om å endre selskapets namn frå HFK Tomt Knarvik AS til VLFK Tomt Knarvik AS. Dette inneber endringar i vedtektene. Endringane vart handsama og godkjend i ei forenkla generalforsamling 27.01.26. Endringane blir meldt inn til Brønnøysundregisteret og retting av forretningsadresse blir også meldt inn.</p>

Tilråding om eigarskapen	Arealformålet for tomta som selskapet er eigar av, bør vere avklart før fylkeskommunen tek stilling til ei avvikling av eigarskapen. Det blir tilrådd å halde fram med eigarskapen i selskapet for no (framleis sette avviklinga på vent).
--------------------------	---

5.3 Aksjeselskap innan infrastruktur og veg

E134 Haukelivegen AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	10.01.2001
Organisasjonsnummer	982420857
Forretningsadresse	Åmot, 3890 VINJE
Kommune	Vinje kommune
E-postadresse	pk@134.no
Nettadresse	www.haukelivegen.no
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	460
Total aksjekapital	kr 460 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	10
Innskoten aksjekapital	kr 10 000
Eigardel i prosent	2,17 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Rogaland fylkeskommune, Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune samt 34 kommunar som til saman eig 80,4 %
Staten	----
Private	Ni private føretak som til saman eig 19,6 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	

Generalforsamling 2025	06.05.25 ved Arve Helle
Ekstraordinær generalforsamling	-----
Eigarmøte 2025	06.05.25 (konferanse)
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet. Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbytte.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er knytt til fylkeskommunens oppgåver og ansvar innan området infrastruktur og veg. Det visast til at selskapet skal arbeide for infrastrukturutbygging og standardheving av transportkorridoren E134 (med sidegreiner) for å få eit raskare, tryggare og meir påliteleg samband.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	-----
Tilråding om eigarskapen	Fylkestinget gjorde vedtak 09.12.25 (i PS 128/2025) om at fylkeskommunen sin eigardel i selskap som hovudregel ikkje skal vere under 25 prosent. Her er eigardelen berre 2,17 prosent. Det visast likevel til at sjølv om selskapet er organisert som eit aksjeselskap, er det naturleg å samanlikne det med t.d. interesseorganisasjonen "Foreininga for Fjordvegen Riksveg 13". Vestland fylkeskommune er medlem/deltek i fleire slike pådrivarorganisasjonar for utbygging av infrastruktur og veg. E134 Haukelivegen AS er eit av to selskap om er organisert som eit aksjeselskap. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Ferde AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	05.10.2016
Organisasjonsnummer	918012745

Forretningsadresse	Fjøsangerveien 68, 5068 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	trond.juvik@ferde.no (dagleg leiar)
Nettadresse	https://ferde.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	600
Total aksjekapital	kr 600 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	200
Innskoten aksjekapital	kr 200 000
Eigardel i prosent	33,33 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Rogaland fylkeskommune 33,33 % og Agder fylkeskommune 33,33 %
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	Årsrapport 2024 Ferde AS
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	21.03.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	03.10.2025
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Formålet til selskapet er å førestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver i høve til vedtekne innkrevingsprosjekt. Det skal ikkje nyttast som ein pådriverorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er knytt til fylkeskommunens oppgåver og ansvar innan området infrastruktur og veg: å stå for effektiv innkrevjing og finansiering av bompengeprojekt i eigarfylka ved å delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og oppnå stordriftsfordelar.
	Eigarstrategi Ferde AS
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Stavanger2Bergen AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	20.08.2010 (tidlegare Hordfast AS)
Organisasjonsnummer	996089304
Forretningsadresse	Korsvegen 45, 5428 FOLDRØYHAMN
Kommune	Bømlo kommune
E-postadresse	post@stavanger2bergen.no
Nettadresse	https://stavanger2bergen.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	148
Total aksjekapital	kr 148 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	10
Innskoten aksjekapital	kr 10 000
Eigardel i prosent	6,76 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Rogaland fylkeskommune 6,76 % og 16 kommunar
Staten	----
Private	Næringsforeningen i Stavanger-regionen, Bergen Næringsråd, Stord Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Næringsforeningen Haugalandet. Selskapet eig også egne aksjar 32 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	03.12.25 ved Arve Helle
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<p>Selskapets formål er å arbeide for en snarlig realisering av en moderne trafikk sikker firefelts veg, E39, fra Stavanger kommune i sør, til og med Bergen kommunegrense i nord (porteføljen). Dette omfatter:</p> <ul style="list-style-type: none"> - å arbeide for at prosjektene blir realisert raskt for å optimalisere synergier mellom disse. - å arbeide med tiltak som støtter opp om snarlige vedtak på enkeltprosjektene. - å bidra med sin kompetanse til utredninger og arbeid med tilførselsveier som styrker formålet. - å bidra til forskuttering eller delfinansiering av utredninger og planer som er nødvendige for lokale og nasjonale vedtak.
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	<p>Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er knytt til fylkeskommunens oppgaver og ansvar innan området infrastruktur og veg. Det visast til at selskapet skal arbeide for infrastrukturbygging av vegsambandet mellom Bergen og Stavanger for å få eit raskare, tryggare og meir påliteleg samband.</p> <p>I fylkestingsvedtaket om kjøp av aksjar i selskapet går det fram at fylkeskommunen skal arbeide for å inkludere ei vegstrekning nordover til Sognefjorden (med særleg fokus på strekningen Vikaneset-Romarheim).</p>
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 17.06.25 (i PS 68/2025) om å kjøpe aksjar i Stavanger2Bergen AS. Med fullmakt frå fylkestinget fylgde fylkesdirektøren opp vedtaket og inngjekk kjøp av 10 aksjar i selskapet med pålydande verdi kr. 1.000 per aksje, teikningskurs kr. 20.000 per aksje. Det vart utbetalt kr. 200.000 (fastsett overkurs på kr. 190.000). Sluttsetel er datert 23.06.25.</p>
Tilråding om eigarskapen	<p>Fylkeskommunen har nyleg kjøpt aksjar i selskapet for å ivareta føremålet som nemnt ovanfor. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.</p>

5.4 Aksjeselskap innan kultur og folkehelse

AS Den Nationale Scene (DNS)

INFORMASJON	
Stiftingdato	29.06.1962

Organisasjonsnummer	811167452
Forretningsadresse	Engen 1, 5011 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	dns@dns.no
Nettadresse	www.dns.no
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
A-aksjar	
Pålydande verdi per A-aksje	kr 500 *Korrigert etter avlagt årsrekneskap 2025
Totalt antal A-aksjar	136 *Korrigert etter avlagt årsrekneskap 2025
Total aksjekapital A-aksjar	kr 68 000
B-aksjar	
Pålydande verdi per B-aksje	kr 500 *Korrigert etter avlagt årsrekneskap 2025
Totalt antal B-aksjar	68 *Korrigert etter avlagt årsrekneskap 2025
Total aksjekapital B-aksjar	kr 34 000
Samanlagt	
Totalt antal aksjar	204 *Korrigert etter avlagt årsrekneskap 2025
Total aksjekapital	kr 102 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal B-aksjar	34 *Korrigert etter avlagt årsrekneskap 2025
Innskoten aksjekapital B-aksjar	kr 17 000
Eigardel i prosent	16,67 %
Stemmedel i prosent	16,67 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Bergen kommune 16,67 %
Staten	Den Norske Stat 66,67 %
Private	-----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	Årsrapport 2024 AS Den Nationale Scene
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	-----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	-----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	28.05.25 ved Kine Bratli Dale
Ekstraordinær generalforsamling	-----
Eigarmøte 2025	28.05.25 (eigarmøte og kontraktsmøte)
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Den Nationale Scene AS driver teatervirksomhet. Som statlig finansiert institusjon har selskapet et særlig ansvar for å ivareta nasjonale kulturpolitiske interesser.</i>

Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: inkludering og mangfald, kulturarv og kulturminne, kulturformidling, kunst- og kulturutvikling. Fylkeskommunen bidrar gjennom eigarskapen i selskapet til å legge til rette for kulturtilbod i fylket.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Carte Blanche AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	15.02.1990
Organisasjonsnummer	957214479
Forretningsadresse	Nøstegaten 119, 5011 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	ncb@ncb.no
Nettadresse	www.carteblanche.no
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	100
Total aksjekapital	kr 100 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	15
Innskoten aksjekapital	kr 15 000
Eigardel i prosent	15 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Bergen kommune 15 %
Staten	Den Norske Stat 70 %
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplýsingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	Årsrapport 2024 Carte Blanche AS (nederst på sida)
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Driftstilskot kr. 7.456.500
EIGARSYRING	

Generalforsamling 2025	28.05.25 ved Kine Bratli Dale
Ekstraordinær generalforsamling	15.12.25 ved Jacob André Telvik Nødseth
Eigarmøte 2025	28.05.25 (eigarmøte og kontraktsmøte)
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Carte Blanche A / S er et aksjeselskap med formål å utvikle og formidle samtidsdans og annen beslektet virksomhet. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal selskapet produsere og presentere forestillinger av høyeste kvalitet laget av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innen samtidsdans. Selskapet har et nasjonalt og regionalt ansvar for å formidle samtidsdans til et mangfoldig publikum og å bidra til å utvikle kunnskapen om norsk samtidsdans internasjonalt gjennom å arbeide for internasjonal anerkjennelse og tilstedeværelse.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: idrett, inkludering og mangfald, kulturformidling, kunst- og kulturutvikling. Fylkeskommunen bidrar gjennom eigarskapen i selskapet til å legge til rette for kulturtilbod i fylket.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande. Det visast også til at fylkeskommunen nyleg har gått inn som medeigar av driftsselskapet Sentralbadet AS, og Carte Blanche AS er ein av hovudbrukarane av scenekunsthuset. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Det Vestnorske Teateret AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	25.11.1985 (tidlegare Hordaland Teater LL)
Organisasjonsnummer	939734325
Forretningsadresse	Øvre Ole Bulls plass 6, 5012 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	atle@detvestnorsketeateret.no
Nettadresse	www.detvestnorsketeateret.no
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 250
Totalt antal aksjar	400
Total aksjekapital	kr 100 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	

Antal aksjar	240
Innskoten aksjekapital	kr 60 000
Eigardel i prosent	60 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	Hordaland Ungdomslag, Hordaland Folkeakademi, Hordaland Mållag, Voksenopplæringsforbundet – alle med 5 % kvar Vestlandske Teatersenter 20 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	<u>Årsrapport 2024 Det Vestnorske Teateret AS</u>
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	Vestland fylkeskommunen garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån til nybygg, jf. vedtak i fylkestinget (i PS 44/2020). Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr. vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut 2042.
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Driftstilskot kr. 10.396.937
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	29.04.25 ved Jacob André Telvik Nødseth
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Det Vestnorske Teateret er eit aksjeselskap som har til føremål å driva profesjonell og allsidig teaterverksemd i Vestland.</i> <i>1. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skapa framsyningar for barn og unge.</i> <i>2. Teateret skal først og fremst spela på nynorsk og dialekt.</i> <i>3. Teateret skal arbeida for å få fram ny dramatik.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: inkludering og mangfald, kulturarv og kulturminne, kulturformidling, kunst- og kulturutvikling. Fylkeskommunen bidrar gjennom eigarskapen i selskapet til å legge til rette for kulturtilbod i fylket. Det visast også til at nynorsk vert nytta som teaterspråk og at dette er av betydning for Vestland fylkeskommune.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----

Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.
--------------------------	--

Idrettsklynge Vest AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	15.04.2021
Organisasjonsnummer	927384434
Forretningsadresse	Brann stadion, Kniksens plass 3, 5063 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	malene.joensen@idrettsklyngevest.no (dagleg leiar)
Nettadresse	https://www.idrettsklyngevest.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 100
Totalt antal aksjar	300
Total aksjekapital	kr 30 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	75
Innskoten aksjekapital	kr 7 500
Eigardel i prosent	25 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Bergen kommune 25 %
Staten	----
Private	Vestland Idrettskrets 25 % og Helse Bergen HF 25 % I tillegg til dei fire aksjonærane er følgjande fire aktørar partnerar i selskapet gjennom ei samarbeidsavtale: Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	Årsrapport 2024 Idrettsklynge Vest AS
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Driftstilskot kr. 1.726.000
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	23.04.25 ved Hanne Marthe Espe
Ekstraordinær generalforsamling	08.09.25 ved og 12.11.25 ved Jon Askeland
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets formål er å styrke samhandlingen vedrørende idrett, herunder toppidrett og breddeidrett, samt fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland fylke, samt det som naturlig står i forbindelse med dette. Dette skal gjennomføres ved å etablere møteplasser for kompetanseutvikling, utdanning og formidling, samt forskning og utvikling. Selskapet kan også ha nasjonale og internasjonale prosjekter, der dette bidrar til oppnåelse av selskapets formål.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgende fylkeskommunale oppgaver og ansvar innan området kultur og folkehelse: fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, folkehelse, inkludering og mangfald, e-sport og gaming. Fylkeskommunen bidrar gjennom eigarskapen i selskapet til å legge til rette for idrettstilbud i fylket.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	08.03.2002
Organisasjonsnummer	984538286
Forretningsadresse	Mosterhamn, 5440 MOSTERHAMN
Kommune	Bømlo kommune
E-postadresse	post@mosteramfi.no
Nettadresse	https://mosteramfi.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 50 000
Totalt antal aksjar	2
Total aksjekapital	kr 100 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	1
Innskoten aksjekapital	kr 50 000
Eigardel i prosent	50 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Bømlo kommune 50 %
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	

Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Driftstilskot kr. 1.300.000
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	30.04.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	20.11.25 ved Jon Askeland
Eigarmøte 2025	20.11.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapet sitt hovudføremål er å leggje til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar, herunder, men ikkje avgrensa til, ideell verksemd knytta til:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Bygningar og anlegg: Selskapet eig bygningar og anlegg (gards- og bruksnummer) og skal syte for normalt godt vedlikehald, samt stå ansvarleg for eventuelle bygningsmessige endringar.</i> - <i>Kyrkjehistoriske, pedagogikk / forskingsformidling: Selskapet skal med utgangspunkt i anlegg og andre verdiar som var skapte i samband med riksjubileet «Kyrkja i Norge 1000 år, Moster 995-1995», arbeide med formidling av den tidlege kyrkjehistoria i Noreg, mellom anna ved å vedlikehalde og utvikle den faste utstillinga «Frå heidendom til kristendom». Selskapet skal søkje å inngå ein separat avtale med Fortidsminneforeningen om samarbeid og bruk av Moster gamle kyrkje i arbeidet med den kyrkjehistoriske formidlinga.</i> - <i>Kulturformidling / scenekunst: Selskapet skal syte for at kulturanlegga på Moster og i Moster Amfi er i aktiv bruk og tilgjengelege for ålmenta, og legge til rette for historiske sogespel og eit mangfald av kunst – og kulturaktivitetar for alle målgrupper.</i> - <i>Moster amfi som reiselivsmål: Selskapet skal arbeide for at Moster opprettheld og utviklar vidare sin posisjon som regionalt, nasjonalt og internasjonalt reiselivsmål.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: kulturarv og kulturminne, kulturformidling, kunst- og kulturutvikling, anleggsutvikling og fordeling av midlar til kulturbygg. Fylkeskommunen bidrar gjennom eigarskapen i selskapet til å legge til rette for kulturtilbod i fylket.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----

Tilråding om eigarskapen	<p>Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Selskapet har søkt om å kome på statsbudsjettet. Styret arbeider med ein tiltaksplan/plan for rekonstruksjon av selskapet, som vil bli lagt fram for generalforsamlinga i 2026.</p> <p>Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.</p>
--------------------------	---

Norsk Fjordhestsenter AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	21.10.1989
Organisasjonsnummer	952666266
Forretningsadresse	Myroldhaugvegen 88, 6770 NORDFJORDEID
Kommune	Stad kommune
E-postadresse	post@norsk-fjordhestsenter.no
Nettadresse	www.norsk-fjordhestsenter.no
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
A-aksjar	
Pålydande verdi per A-aksje	kr 5 000
Totalt antal A-aksjar	20
Total aksjekapital A-aksjar	kr 100 000
B-aksjar	
Pålydande verdi per B-aksje	kr 5 000
Totalt antal B-aksjar	800
Total aksjekapital B-aksjar	kr 4 000 000
Samanlagt	
Totalt antal aksjar	820
Total aksjekapital	kr 4 100 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal A-aksjar	6
Innskoten aksjekapital A-aksjar	kr 30 000
Antal B-aksjar	266
Innskoten aksjekapital B-aksjar	kr 1 330 000
Totalt antal aksjar	272
Total aksjekapital	kr 1 360 000
Eigardel i prosent	33,17 %
Stemmedel i prosent	30 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Stad kommune 33 %
Staten	----

Private	Norsk Fjordhestlag 34 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Fylkesutvalet behandla 04.06.25 (i PS 146/2025) søknad om økonomisk støtte til nødvendig utviklingsarbeid på fjordhestsenteret. Rammesøknaden vart avvist.
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	12.05.25 ved Kine Bratli Dale
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Norsk Fjordhestsenter AS har til føremål å fremme fjordhesten som nasjonal rase gjennom å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Senteret skal ha det beste kompetansemiljøet for fjordhest og vere samlingspunktet for fjordhestfolket. Norsk Fjordhestsenter AS har likevel til hovudføremål å eige og drive eit moderne, nasjonalt ride- og køyresportsanlegg for trening, konkurransar og anna aktivitet. Norsk Fjordhestsenter AS er utan eige økonomisk føremål.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, folkehelse, kulturarv og kulturminne, kulturformidling, anleggsutvikling og fordeling av midlar til kulturbygg og anlegg for fysisk aktivitet.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	I tidlegare tilrådingar om vidare eigarskap har det vore vist til følgjande: Fjordhesten er ein særmerkt hesterase med sterk kulturhistorisk tilknytning til Vestlandet. Det kan difor argumenterast for at Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å forvalte denne historia og medverke til skjøtsel av rasen. Fjordhesten er ein av tre norske hesterasar, og gjennom eigarskapen til fjordhestsenteret kan fylkeskommunen bidra til å halde bestanden oppe, og på sikt auke talet fjordhestar i Noreg. Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Sentralbadet AS

INFORMASJON	
Stiftingsdato	07.02.2025
Organisasjonsnummer	934872053
Forretningsadresse	c/o Bergen kommune, Bergen Rådhus, Rådhusgaten 10, 5014 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	heidi.jaeger@bergen.kommune.no (kontaktperson)
Nettadresse	----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 5 000
Totalt antal aksjar	100
Total aksjekapital	kr 500 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	5
Innskoten aksjekapital	kr 25 000
Eigardel i prosent	5 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Bergen kommune 67 %
Staten	----
Private	Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater 14 % og Carte Blanche AS 14 %
	Vestland fylkeskommune har også indirekte eigarskap i Sentralbadet AS gjennom eigarskapen i Carte Blanche AS som eig 14 % av selskapet.
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	----
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	26.06.25 ved Jacob André Telvik Nødseth
Ekstraordinær generalforsamling	07.02.25 ved Jacob André Telvik Nødseth
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Sentralbadet AS er et selskap med formål å optimalisere driften av Sentralbadet som et scenekunsthús. Sentralbadet AS skal tilrettelegge for hovedbrukerne Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater og Carte Blanche AS slik at de kan oppná sine vedtatte formål. Sentralbadet skal også benyttes av sekundærbrukere fra kunst- og kulturfeltet. Selskapet har ikke erverv til formål og skal driftes etter et selvkostprinsipp.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: inkludering og mangfald, kulturarv og kulturminne, kulturformidling, kunst- og kulturutvikling. Fylkeskommunen bidrar gjennom eigarskapen i selskapet til å legge til rette for kulturtilbod i fylket.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	Fylkestinget gjorde vedtak i PS 96/2023 om å "[...] gå inn som eigar av driftsselskapet Sentralbadet AS med 5% av aksjane og 25 000 kroner i aksjekapital. [...]" (Merk: ikkje bygget Sentralbadet scenekunsthús). Fylkesdirektøren fekk fullmakt frå fylkestinget til å inngå aksjonæravtale. Vedtaket vart fylgt opp og stiftingdokumentet vart signert 03.10.24. Selskapet hadde nokon utfordringar knytt til registreringa av selskapet i Brønnøysundregisteret og etablering kom difor først i orden tidleg i 2025.
Tilråding om eigarskapen	Fylkestinget gjorde vedtak 09.12.25 (i PS 128/2025) om at fylkeskommunen sin eigardel i selskap som hovudregel ikkje skal vere under 25 prosent. Her er eigardelen berre 5 prosent. Det visast likevel til at fylkeskommunen nyleg har vore med å skipe selskapet og at bakgrunnen for dette var mellom anna fylkeskommunen sitt omfattande økonomiske engasjement i saka (tilskot til bygget/scenekunsthúset) samt fylkeskommunen sitt deleigarskap i Carte Blanche AS (brukar av scenekunsthúset). Det blir dermed tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Teater Vestland AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	13.11.1979 (tidlegare Sogn og Fjordane Teater LL)
Organisasjonsnummer	929181557
Forretningsadresse	Storehagen 10, 6800 FØRDE
Kommune	Sunnfjord kommune

E-postadresse	post@teatervestland.no
Nettadresse	https://www.teatervestland.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 10 000
Totalt antal aksjar	10
Total aksjekapital	kr 100 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	8
Innskoten aksjekapital	kr 80 000
Eigardel i prosent	80 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Sunnfjord kommune 20 %
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Driftstilskot kr. 9.146.250 (KULII 14.01.25 i PS 4/2025). Fylkesutvalet vedtok 23.01.25 (i PS 16/2025): <i>1. Vestland fylkeskommune løyver 750 000 kr frå disposisjonsfond Sogn og Fjordane teater, Balansekonto 2560800020, som ein del av driftstilskotet til Teater Vestland for 2025. [...]</i> Fylkesutvalet vedtok 23.09.25 (i PS 222/2025): <i>1. Vestland fylkeskommune løyver 1,1 mill. kr. til Teater Vestland for å dekke kostnader til auka husleige for 2025. 2. Midlane vert henta frå disposisjonsfond, Sogn og Fjordane teater, Balansekonto 2560800020. [...]</i>
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	06.06.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	29.01.25
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Teater Vestland AS har til formål å drive teaterverksemd i Vestland fylke. Det kan også spele i andre fylke som lekk i utvekslingsprogram med andre teater. Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket. Forretningskontoret er i Førde i Sunnfjord kommune.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: inkludering og mangfald, kulturarv og kulturminne, kulturformidling, kunst- og kulturutvikling. Fylkeskommunen bidrar gjennom eigarskapen i selskapet til å legge til rette for kulturtilbod i fylket. Det visast også til at nynorsk vert nytta som teaterspråk og at dette er av betydning for Vestland fylkeskommune.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Vestnorsk filmsenter AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	10.11.1994
Organisasjonsnummer	974332981
Forretningsadresse	Georgernes verft 12, 5011 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	post@vestnorskfilm.no
Nettadresse	https://vestnorskfilm.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 700
Totalt antal aksjar	60
Total aksjekapital	kr 102 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	20
Innskoten aksjekapital	kr 34 000
Eigardel i prosent	33,33 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Møre og Romsdal fylkeskommune 33,33 % og Bergen kommune 33,33 %
Staten	----

Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	<u>Årsrapport 2024 Vestnorsk Filmsenter AS</u>
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Driftstilskot kr. 1.797.485
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	16.05.25 ved Jacob André Telvik Nødseth
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	24.01.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Vestnorsk filmsenter A/S har til formål å bidra til en faglig og kunstnerisk utvikling av vestnorsk filmproduksjon. Dette innebærer at Vestnorsk filmsenter A/S skal kanalisere økonomisk, filmfaglig og organisatorisk støtte til den profesjonelle filmbransjen gjennom støtte til filmprosjekter innen fiksjon og dokumentar. Som hovedregel skal søker av tilskuddsmidler være bosatt i regionen. Gjennom tiltak skal Vestnorsk filmsenter bidra til at kulturpolitiske målsettinger innen film innfris, og at regionens bransje som helhet stimuleres til kunstnerisk og faglig utvikling.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til følgjande fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse: inkludering og mangfald, kulturarv og kulturminne, kulturformidling, kunst- og kulturutvikling.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

5.5 Aksjeselskap innan mobilitet og kollektivtransport

Bybanen AS

INFORMASJON	
Stiftingsdato	19.03.1997 (30.03.2009)
Organisasjonsnummer	977511402
Forretningsadresse	Kokstadflaten 59, 5257 KOKSTAD
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	post@bybanen.no
Nettadresse	https://www.bybanen.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydende verdi per aksje	kr 1 550
Totalt antal aksjar	1000
Total aksjekapital	kr 1 550 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	1000
Innskoten aksjekapital	kr 1 550 000
Eigardel i prosent	100 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	Årsberetning 2023 Bybanen AS
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunale lån, som etter siste nedbetaling er på kr. 6.000.000 og 28.000.000 (per 31.12.25).
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	24.06.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	16.06.25 og 21.11.25 ved Jon Askeland
Eigarmøte 2025	03.02.25 og 12.12.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets formål er å operere Bybanen, samt drifte infrastrukturen for Bybanen og trolleybuss, herunder også Bybanens skinnegående materiell. Selskapet har fagansvar for sikkerhet, bane, elektro, signal/tele, samt for skinnegående materiell for Bybanen i henhold til de til enhver tid gjeldende lover og forskrifter.</i>

Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) etablerte Bybanen AS i 2008-2009 med formål om forvaltning av infrastruktur, sporvogner og anna vognmateriell. I 2017 vedtok fylkestinget at Bybanen AS skulle få totalansvaret for Bybanen i Bergen, noko selskapet har hatt sidan 01.07.19. Noko av bakgrunnen for at verksemda vart lagt i eit eige selskap er krav knytt til drift av infrastruktur. Bybanen AS har løyve frå Statens Jernbanetilsyn om drift av infrastruktur og vedlikehaldsmateriell. Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er knytt til fylkeskommunens oppgåver og ansvar innan området mobilitet og kollektivtransport / infrastruktur og veg.
	<u>Eigarstrategi Bybanen AS (19.01.21)</u>
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Skyttel AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	18.12.1953
Organisasjonsnummer	925730289
Forretningsadresse	Solheimsgaten 15, 5058 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	post@skyttel.no
Nettadresse	https://skyttel.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 61
Totalt antal aksjar	3300
Total aksjekapital	kr 200 484
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	1100
Innskoten aksjekapital	kr 67 100
Eigardel i prosent	33,33 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Rogaland fylkeskommune 33,33 % og Agder fylkeskommune 33,33 %
Staten	----

Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplýsingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	29.04.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	29.04.2025
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapets formål skal være virksomhet relatert til systemløsninger, driftstjenester og kundetjenester innen betalingsformidling, innfordring og rapportering innen transportsektoren. I tillegg skal selskapet kunne tilby tilleggstjenester fra andre sektorer knyttet til selskapets teknologiske løsninger.</i></p> <p>Skyttel AS eig følgande dotterselskap: - Konnektiv AS - SkyttelPASS AS</p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er knytt til fylkeskommunens oppgåver og ansvar innan området mobilitet og kollektivtransport / infrastruktur og veg: delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgåver, delta i selskap som legg til rette for kollektivtrafikk, delta i selskap saman med andre fylkeskommunar for å oppnå stordriftsfordelar.
	<u>Eigarstrategi Skyttel AS</u>
STATUS OG VURDERING	

<p>Status for politiske vedtak om eigarskapen</p>	<p>Fylkestinget gjorde vedtak i 2021 om å be fylkesdirektøren starte ein prosess for avvikling av eigarskapen i Skyttel AS. Om bakgrunnen for vedtaket: Fylkeskommunen sin eigarskap i Skyttel AS er eit resultat av den statleg initierte bompengereforma. Det som i dag er Skyttel AS vart skilt ut i samband med etableringa av Ferde AS, fordi verksemda er kommersiell, noko som ikkje er foreinleg med den verksemda som bompengeselskapa (Ferde AS) skal drive. Det er naturleg at fylkeskommunen har eigarskap i bompengeselskapet Ferde AS. Det er ikkje like sjølvstendig at fylkeskommunen skal eige det kommersielle selskapet Skyttel AS. Eigarskapen er berre indirekte i tråd med fylkeskommunen sin føremålskategori innan infrastruktur og veg / mobilitet og kollektivtransport. Tidlegare kunne eigarskapen i Skyttel AS grunngjevast med at fylkeskommunane skulle vere med på å sikre eksistensen av utferdarverksemder i marknaden, men det er no fleire slike verksemder på plass.</p> <p>Det visast til at fylkesdirektøren tilrådde i sist eigarskapsmelding del II for 2024 (handsama i fylkestinget 11.12.24) å halde fram utregningsarbeidet om eigarskapen i selskapet, med avvikling av eigarskapen som siktemål. Fylkestinget tok status til vitande.</p> <p>I eigarmøtet i september 2024 vart det gitt følgjande status for salsprosess, jf. protokollen: <i>Avslutning salgsprosess: Styreleder gjennomgikk siste hendelser i salgsprosessen. Styret har satt i gang en strategiprosess der vi ønsker at eierne involveres. Det vil bli planlagt en samling der eierne, styret og administrasjonen setter føringer for selskapets strategi. Salgsprosessen settes på vent inntil ny strategi og ferjebud er avklart.</i></p> <p>I eigarmøtet i april 2025 orienterte styret om arbeidet med ein ny strategi. Strategien og ei handlingsplan for realisering av strategien, var planlagt klar i mai / juni 2025.</p>
<p>Tilråding om eigarskapen</p>	<p>Status for arbeidet med ein ny strategi for selskapet er ikkje avklart. Det er forventa at styret kjem med naudsynte avklaringar i samband med generalforsamlinga i 2026. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet for no (framleis sette avviklinga på vent).</p>

Sunnhordland Lufthavn A/S

INFORMASJON	
Stiftingdato	06.06.1983
Organisasjonsnummer	934076613
Forretningsadresse	Flyplassvegen 344, 5410 SAGVÅG
Kommune	Stord kommune
E-postadresse	admin@stordlufthavn.no
Nettadresse	www.stordlufthavn.no
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	

Pålydande verdi per aksje	kr 12 500
Totalt antal aksjar	400
Total aksjekapital	kr 5 000 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	84
Innskoten aksjekapital	kr 1 050 000
Eigardel i prosent	21 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Stord kommune 79 %
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunalt lån, som etter siste nedbetaling er på kr. 900.000 (per 31.12.25).
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Fylkestinget gjorde vedtak 19.03.24 om å inngå avtale (fornyng av avtale) med Sunnhordland Lufthavn A/S om tilskot til drifta av Stord Lufthamn for perioden 01.01.24 til 31.03.28.
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	14.05.25 ved Arve Helle
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet sitt føremål er å planleggja, finansiera, opparbeida og driva lufthamn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i Sunnhordland Lufthavn A/S er å leggje til rette for flytrafikk til og frå Sunnhordland (selskapet eig ikkje flyplassanlegget). Flytilbodet bidreg også til ei positiv næringsutvikling i Sunnhordland (del av Vestland fylke).
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 11.12.24 (i handsaminga av eigarskapsmeldinga del II for 2024) om å be fylkesdirektøren legge fram ei sak om "strategisk eigarskap" i Sunnhordland Lufthavn A/S.</p> <p>Sak om Sunnhordland Lufthavn A/S har so langt ikkje vorte lagt fram. Det er likevel lagt fram ei overordna sak om fylkeskommunalt eigarskap. Overordna prinsipp for vurdering av etablering og avvikling av eigarskap i selskap vart vedteke av fylkestinget 09.12.25 (i PS 128/2025) som tillegg til eigarskapsmeldinga del I for 2024-2028.</p> <p>Det er planlagt ei eiga sak om eigarskapen i Sunnhordland Lufthavn A/S til fylkestinget i juni 2026. Fylkesdirektøren vil då orientere om handlingsrommet for eigarskapen og kome med tilrådingar knytt til dette. Særleg relevant er det at flyplassen sidan 01.04.24 har vore del av FOT-ordninga (FOT-ruter er flyruter som staten kjøper frå flyselskap for å sikre eit tilfredsstillande flyrutetilbod i område der det ikkje er marknadsgrunnlag for kommersiell flyrutedrift).</p>
Tilråding om eigarskapen	Det er planlagt å legge fram ei eiga sak om eigarskapen i selskapet. Det blir tilrådd å halde fram eigarskapen i selskapet for no.

TET Digital AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	01.09.2023 (tidlegare Kollektivkameratene AS)
Organisasjonsnummer	932295288
Forretningsadresse	Dronningens gate 40, 0154 OSLO
Kommune	Oslo kommune
E-postadresse	endre.sundsdal@ruter.no (dagleg leiar)
Nettadresse	----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	1274
Total aksjekapital	kr 1 274 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	206
Innskoten aksjekapital	kr 206 000
Eigardel i prosent	16,17 %
ANDRE EIGARAR	

Kommunar og fylkeskommunar	Ruter AS (eiga av Akershus fylkeskommune og Oslo kommune) 78,49 % og Agder Kollektivtrafikk AS (eiga av Agder fylkeskommune og Kristiansand kommune) 5,34 %
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplýsingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	----
Ekstraordinær generalforsamling	25.03.25, 08.04.25 og 20.05.25 ved Målfrid Vik Sønstabø
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets virksomhet og formål er å drive digital tjenesteutvikling og annen virksomhet som har sammenheng med dette på vegne av selskapets aksjonærer. Tjenestene skal støtte opp under aksjonærenes digitale tjenestetilbud og bidra til å realisere kjernevirksomheten i aksjonærenes kollektiv- og mobilitetsvirksomhet. Virksomheten kan utøves av selskapet selv eller av datterselskaper. Selskapet har ikke til formål å skaffe eierne økonomisk vinning, men skal bidra til at aksjonærene når sine mål for transporttilbudet. Selskapet deler ikke ut utbytte.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er knytt til fylkeskommunens oppgaver og ansvar innan området mobilitet og kollektivtransport: delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgaver, delta i selskap som legg til rette for kollektivtrafikk, delta i selskap saman med andre fylkeskommunar for å oppnå stordriftsfordelar. Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i TET Digital AS vart ved etableringa av eigarskapen definert slik (i PS 199/2023): <i>Føremålet er å nytte kompetanse og midlar meir effektivt for å nå felles målsettingar for framtidens digitale kundetenester.</i>
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 13.12.23 (i PS 199/2023) om at "[...] Vestland fylkeskommune saman med andre fylkeskommunar og kollektivselskap etablerer Kollektivkameratane AS. [...]" (Til orientering skifta Kollektivkameratane AS namn til TET Digital AS i januar 2024, før fylkeskommunen inngjekk eigarskap i selskapet).</p> <p>Fylkesdirektøren fekk fullmakt frå fylkestinget til å inngå aksjonæravtale og innskot til aksjekapitalen på inntil sju mill. kr. Om finansiering vart følgande vedteke: "[...] omdisponering av fem mill. kr. Tilbakeført frå Ruter AS som følgje av oppløysing av OOS-samarbeidet «Kollektivkameratane», og to mill. kr som må takast over investeringsbudsjettet for 2024."</p> <p>Vedtaket vart fylgt opp i mars 2025. Vestland fylkeskommunen ved Skyss inngjekk kjøp av 206 aksjar i selskapet med pålydande verdi kr. 1.000 per aksje, teikningskurs kr. 33.980,5825 per aksje. Det vart dermed utbetalt kr. 7.000.000 (fastsett overkurs på ca. kr. 6.793.999).</p>
Tilråding om eigarskapen	Fylkeskommunen har nyleg kjøpt aksjar i selskapet for å ivareta føremålet som nemnt ovanfor. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

5.6 Aksjeselskap innan næring, plan og innovasjon

Atheno AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	29.06.1992
Organisasjonsnummer	965075909
Forretningsadresse	Vabakkjen 6, 5411 STORD
Kommune	Stord kommune
E-postadresse	post@atheno.no
Nettadresse	https://www.atheno.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	3221

Total aksjekapital	kr 3 221 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	100
Innskoten aksjekapital	kr 100 000
Eigardel i prosent	3,10 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Fitjar kommune, Stord kommune, Bømlo kommune, Kvinnherad kommune
Staten	Siva - Selskapet for industrivekst SF 11,15 % og Høgskulen på Vestlandet 0,87 %
Private	27 private aksjonærar. Største aksjonær er Aker Solutions AS med 15,52 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Drift/samarbeidsavtale: kr. 800.000 Prosjekt: Industriell grøn omstilling og konkurransekraft med KI: kr. 1.329.800 Samarbeidsavtale Invest In Sunnhordland: kr. 1.000.000
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	22.05.25 ved Sigrid Brattabø Handegard
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p>Selskapet sitt føremål er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk. - Å driva inkubatorverksemd i regionen og arbeida for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand. - Å driva regionalt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemder i Sunnhordland. - Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg kvalitet og attraktiv pris at ein vert den føretrekte samarbeidspartnaren for desse. - Å arbeida fram samt å tilretteleggja og tilby naudsynt kompetanse i regionen.

Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål: delta i selskap som arbeider med fellestilltak for å utvikle næringslivet i fylket, delta som regional utviklingsaktør i selskap som tilfører og/eller tileignar kompetanse.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 11.12.24 (i handsaminga av eigarskapsmeldinga del II for 2024) om å be fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av eigarskapen i Atheno AS. Bakgrunnen for dette var at eigarskap i selskapet ikkje vart vurdert som avgjerande for å oppnå fylkeskommunen sine mål, det vart også vist til den lave eigardelen, og at fylkeskommunen som samarbeidspartner og tilskotsgevar i tilstrekkeleg grad kan støtte, påverke og stille vilkår overfor selskapet.</p> <p>Som ei oppfølging av vedtaket har fylkesdirektøren per 27.10.25 informert dei andre eigarane i selskapet om at fylkeskommunen sine aksjar er til sals. Interesse for overtaking av aksjane har so langt ikkje vore meldt.</p> <p>Fylkesdirektøren vil gjere naudsynt oppfølging i 2026 for å innfri vedtaket om avvikling.</p>
Tilråding om eigarskapen	Det er starta ei prosess for avvikling av eigarskapen og det blir tilrådd å halde fram med avviklinga av eigarskapen i selskapet.

Bergen Vitensenter AS (ViVite)

INFORMASJON	
Stiftingdato	01.09.2005
Organisasjonsnummer	989005049
Forretningsadresse	Thormøhlens gate 51, 5006 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	post@vilvite.no
Nettadresse	https://www.vilvite.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	2368
Total aksjekapital	kr 2 368 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	450
Innskoten aksjekapital	kr 450 000
Eigardel i prosent	19 %

ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Bergen kommune 29,56 %
Staten	Høgskulen på Vestlandet 19 % og Universitetet i Bergen 19 %
Private	Bergen Næringsråd, Bergen Børsfond, Jacobs Douwe Egberts Norge AS
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Samarbeidsavtale 2025 - Tilsegn om tilskot på inntil kr. 3.925.000 for 2025 (driftstilskot). Fylkesutvalet løyva 21.10.25 inntil kr. 2.000.000 til VilVite til ny havutstilling, dekkja med avsette fondsmidlar frå avdeling for næring, plan og innovasjon.
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	13.06.25 ved Kathrin Jakobsen
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	13.06.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets formål er å utvikle og drive et populærvitenskapelig opplevelses- og læringscenter med utgangspunkt i teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora spesielt rettet mot barn og unge, samt annen virksomhet som naturlig faller sammen med dette, herunder å delta i samarbeid med andre selskaper og foretak med lignende virksomhet.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring samt samfunns- og næringsutvikling. Fylkeskommunen har direkte nytte av vitensenteret ved at skulane nyttar senteret i undervisninga. I tillegg har fylkeskommunen interesse i vitensenteret ut ifrå rekrutteringsbehova til matematikk og naturvitskapelege fag i vidaregåande opplæring.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Campus Førde Verftet AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	11.12.2013
Organisasjonsnummer	913015231
Forretningsadresse	Øyrane 12, 6800 FØRDE
Kommune	Sunnfjord kommune
E-postadresse	Oystein.Stavo.Hovig@hvl.no (kontaktperson i styret)
Nettadresse	https://www.campusverftet.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 100
Totalt antal aksjar	1000
Total aksjekapital	kr 100 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	450
Innskoten aksjekapital	kr 45 000
Eigardel i prosent	45 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Sunnfjord kommune 10 %
Staten	Høgskulen på Vestlandet 45 %
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	20.06.25 ved Siri Sandvik
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	20.06.25
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<p>Selskapet skal vere eit utdannings-, forsknings- og innovasjonssenter for offentlege og private verksemder. Det overordna målet er å bidra til å styrke utdanningsinstitusjonane med omsyn til rekruttering, forskning og innovasjon i privat og offentleg sektor. Selskapet skal og legge til rette for auka samarbeid mellom privat næringsliv, utdanningsinstitusjonane og anna offentleg verksemd. Selskapet skal ikkje ha til formål å gje økonomisk utbytte til eigarane, og selskapet sine midlar skal berre nyttast i selskapet si verksemd og for vidareutvikling av verksemda. Det vert ikkje utbetalt utbytte til aksjonærar. Ved avvikling av selskapet skal eigedelane i selskapet stillast til disposisjon for utdannings- og opplæringsformål i regionen.</p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	<p>Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring samt samfunns- og næringsutvikling. Meir konkret er fylkeskommunen sine overordna og langsiktige målsettingar med Campus Førde Verftet AS å auka rekrutteringa av studentar til høgare utdanning innan tekniske fag, og til etter- og vidareutdanning. Det visast også til at selskapets arbeid strykar samanhengen i utdanningsløpet mellom vidaregåande skule, fagskule og høgskule.</p>
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkesutvalet behandla sak om omstrukturering av Campus Førde Verftet AS 23.09.25 (i PS 230/2025). Tilrådinga frå fylkesdirektør var følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vestland fylkeskommune, medeigar i Campus Førde Verftet AS, støtter forslaget frå selskapets styre om omstrukturering av selskapet. 2. Vestland fylkeskommune støtter at Campus Førde Verftet AS, etter overdraging av utstyr til Fagskulen Vestland, enten vert avvikla eller overført til andre eigarar. Nærmare vilkår for avvikling eller overføring vert arbeida fram av avviklingsstyret. Fylkesutvalet fattar endeleg avgjerd. <p>Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesutvalet i Vestland bed administrasjonen leggje til grunn prinsippa for framtidig organisering slik det går fram av saka. 2. Ein bed om at administrasjonen merka seg synspunkta frå styret i Fagskulen. 3. Fylkesutvalet vil fatta endeleg vedtak når dei økonomiske konsekvensane er lagt fram i saka.

Tilråding om eigarskapen	Status for arbeidet med omstrukturering av selskapet er ikkje avklart. Det er forventa at styret kjem med naudsynte avklaringar i samband med generalforsamlinga i 2026. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet for no (eiga sak om omstruktureringa blir eventuelt lagt frem).
--------------------------	---

Fjord Invest Såkorn AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	28.06.2004
Organisasjonsnummer	987264624
Forretningsadresse	Hafstadvegen 25, 6800 FØRDE
Kommune	Sunnfjord kommune
E-postadresse	post@fjordinvest.no
Nettadresse	https://www.fjordinvest.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	34000
Total aksjekapital	kr 34 000 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	19000
Innskoten aksjekapital	kr 19 000 000
Eigardel i prosent	55,88 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	Sparebank 1 Sogn og Fjordane 6,66 % og Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane - Rekomp 29,41 % Andre mindre eigarar 8 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	11.06.25 ved Stian Davies
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesteras i nye selskap i tråd med føremålet.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål: delta i investeringselskap som bidreg med kapital til tidlegfaseverksemdar i fylket, delta som regional utviklingsaktør i selskap som tilfører og/eller tileignar kompetanse. Sogn og Fjordane fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) tilførte 13,7 mill. kr. ved stiftinga i 2004.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Fjord Norge AS (Fjord Norway)

INFORMASJON	
Stiftingdato	01.02.1993
Organisasjonsnummer	966091118
Forretningsadresse	Nordre Nøstekaiaen 1, 5011 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	info@fjordnorway.com
Nettadresse	https://www.fjordnorway.com/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 5 000
Totalt antal aksjar	830
Total aksjekapital	kr 4 150 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	148
Innskoten aksjekapital	kr 740 000
Eigardel i prosent	17,83 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Møre og Romsdal fylkeskommune 11,33 % og Rogaland fylkeskommune 8,92 %
Staten	----
Private	Visit Bergen 11,3 % og fleire mindre aksjonærar. Selskapet eig også egne aksjar 3,6 %

ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Fylkestinget vedtok 13.12.23 (i PS 122/2023) å godkjenne ei ny partnerskapsavtale mellom Fjord Norge AS og dei to andre fylkeskommunane som er eigarar av selskapet. I avtala går det fram at kostnadsramma for eit samla årleg partnerskapsbidrag frå fylkeskommunane er 12 mill. kr. Frå Vestland fylkeskommune 6 mill. kr. 6 for åra 2024 og 2025. Dette vert dekkja innanfor avdelinga for næring, plan og innovasjon.
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	20.06.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet har ikke erverv som formål. Selskapets primære formål er å drive internasjonal markedsføring og tilrettelegging for salg for reiselivet i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Selskapet har også anledning til å drive nasjonal markedsføring. Det skal særlig arbeides for å utvikle et helårlig reiseliv</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål. Fjord Norge er eit fellestiltak for internasjonal marknadsføring av heile Vestlandet som reiselivsmål og ein viktig reiskap for å styrke næringsutviklinga i fylket.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Framtidsfylket AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	01.02.2008
Organisasjonsnummer	992403896
Forretningsadresse	Hafstadvegen 25, 6800 FØRDE
Kommune	Sunnfjord kommune

E-postadresse	post@framtidfylket.no
Nettadresse	https://www.framtidfylket.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	612
Total aksjekapital	kr 612 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	17
Innskoten aksjekapital	kr 17 000
Eigardel i prosent	2,78 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	Fleire mindre aksjonærar - alle med 2,78 % Selskapet eig også egne aksjar 5,56 % (største aksjonær).
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Drift/samarbeidsavtale: kr. 900.000
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	12.06.2025
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet sitt formål er å bidra til vekst og verdiskaping i Vestland fylke gjennom rekruttering av kompetanse og arbeidskraft. Dette skjer gjennom drift og utvikling av traineeprogram, digitale rekrutteringsverktøy, arbeidsmarknadsprofilering og rådgjeving. Selskapet skal ikkje ha erverv som føremål</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål: delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, delta som regional utviklingsaktør i selskap som tilfører og/eller tileignar kompetanse.
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 11.12.24 (i handsaminga av eigarskapsmeldinga del II for 2024) om å be fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av eigarskapen i Framtidsfylket AS. Bakgrunnen for dette var at eigarskap i selskapet ikkje vart vurdert som avgjerande for å oppnå fylkeskommunen sine mål, det vart også vist til den lave eigardelen, og at fylkeskommunen som samarbeidspartner og tilskotsgjever i tilstrekkeleg grad kan støtte, påverke og stille vilkår overfor selskapet.</p> <p>Som ei oppfølging av vedtaket har fylkesdirektøren per 27.10.25 informert dei andre eigarane i selskapet om at fylkeskommunen sine aksjar er til sals. Interesse for overtaking av aksjane har so langt ikkje vore meldt.</p> <p>Fylkesdirektøren vil gjere naudsynt oppfølging i 2026 for å innfri vedtaket om avvikling.</p>
Tilråding om eigarskapen	Det er starta ei prosess for avvikling av eigarskapen og det blir tilrådd å halde fram med avviklinga av eigarskapen i selskapet.

Kunnskapsparken Vestland AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	06.07.2001
Organisasjonsnummer	983562973
Forretningsadresse	c/o Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 SOGNDAL
Kommune	Sogndal kommune
E-postadresse	post@kunnskapsparken-sf.no
Nettadresse	https://www.kpvest.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	6550
Total aksjekapital	kr 6 550 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	2500
Innskoten aksjekapital	kr 2 500 000
Eigardel i prosent	38,17 %
	Vestland fylkeskommune har også indirekte eigarskap i Kunnskapsparken Vestland AS gjennom eigarskapen i Fjord Invest Såkorn AS som eig 35,88 % av selskapet.
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Sogndal kommune 7,63 %

Staten	Siva - selskapet for industrivekst SF 15,27 % og Helse Førde HF 0,76 %
Private	Fjord Invest Såkorn AS 35,88 % Stiftinga Drivkraft 1,53 % Stryn Næringshage AS 0,76 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Drift/samarbeidsavtale: kr. 1.000.000 Vekst i lag ved (nettverk for innovasjonsaktørane i Sogn & Fjordane) kr. 250.000
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	11.06.25 ved Stian Davies
Ekstraordinær generalforsamling	07.10.25 ved Kjetil Kvåle
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innanfor kunnskapsintensive verksemdar lokalt og regionalt, og å få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket, og på den måten stimulere til kommersialisering av FOU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.</i></p> <p><i>Selskapet skal gjennom det nasjonale SIVA nettverket for innovasjon og nyskaping, fungere som nav med næringshagane i det lokale nettverket for å oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket.</i></p> <p><i>Selskapet skal ha ein desentralisert oppbyggnad og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket.</i></p> <p><i>Selskapet kan eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyetablerte bedrifter og bedrifter som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og løpande prosjektoppdrag, også oppnå lønsemd for selskapet.</i></p> <p><i>Selskapet skal ha ein innløyingsavtale for aksjeinvesteringane.</i></p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål: delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, delta i investeringssekskap som bidreg med kapital til tidlegfaseverksemdar i fylket, delta som regional utviklingsaktør i selskap som tilfører og/eller tileignar kompetanse.
STATUS OG VURDERING	

<p>Status for politiske vedtak om eigarskapen</p>	<p>Fylkestinget gjorde følgjande vedtak 01.10.25 (i PS 93/2025):</p> <p>1. Fylkestinget er positiv til førespurnaden frå Kunnskapsparken Vestland AS om å justere fylkeskommunens eigarskap i selskapet, for å kunne ta på seg rolla som operatør for det statlege næringshageprogrammet.</p> <p>2. Fylkestinget vurderer at det ikkje er føremålstenleg med ein lav eigarprosent i Kunnskapsparken Vestland AS, og at fylkeskommunens målsetningar og innflytelse på selskapet er ivareteken gjennom indirekte eigarskap, mellom anna ved eigarskap i Fjord Invest Såkorn AS.</p> <p>3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjennomføre sal av aksjane i Kunnskapsparken Vestland AS i perioden frå vedtaksdato og frem til 31.08.2026. Fylkesdirektøren skal arbeide for å selje minimum 13 % av aksjane.</p> <p>I førespurnaden om å justere eigarskapen vart det orientert om at Stiftinga Drivkraft har signalisert interesse i aksjane.</p> <p>Som ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak har fylkesdirektøren per 29.10.25 teke kontakt med stiftinga, som har sendt førebels tilbakemelding 09.12.25. I tilbakemeldinga går det fram at stiftinga "må prioritere å etablere eigen strategi, posisjon og rolle i det regionale næringsøkosystemet før [den] eventuelt aktivt tar større eigarskap i andre verksemder". Vidare går det fram at stiftinga vil kome tilbake med ei ny vurdering i løpet av første halvår 2026". Fylkesdirektøren har bedt om ny tilbakemelding innan utgangen av mars 2026.</p>
	<p>Til orientering mottok Vestland fylkeskommune melding frå styret i Kunnskapsparken Vestland AS 06.11.25 om at Stiftinga Drivkraft har erverva 100 aksjar i selskapet frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane AS. I samsvar med aksjelova § 4-19, orienterte styret om Vestland fylkeskommune som aksjonær sin rett til å krevje forkjøpsrett.</p> <p>Med vedtaket frå fylkestinget 01.10.25 om at fylkesdirektøren skal arbeide for å selje aksjane i Kunnskapsparken Vestland AS, vart det ikkje vurdert som relevant for fylkeskommunen å nytte forkjøpsretten, og spørsmål om dette var difor ikkje løfta opp til politisk behandling.</p>
<p>Tilråding om eigarskapen</p>	<p>Det er starta ei prosess for avvikling av eigarskapen og det blir tilrådd å halde fram med avviklinga av eigarskapen i selskapet.</p>

Njøs frukt- og bærsepter AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	29.08.2007
Organisasjonsnummer	991738150
Forretningsadresse	Njøsavegen 5, 6863 LEIKANGER
Kommune	Sogndal kommune
E-postadresse	post@njøs.no
Nettadresse	https://www.njøs.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 10 000
Totalt antal aksjar	45
Total aksjekapital	kr 450 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	10
Innskoten aksjekapital	kr 100 000
Eigardel i prosent	22,22 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	Fleire mindre aksjonærar. Dei to største saman med fylkeskommunen er Gartnerhallen SA 22,22 % og Graminor AS 22,22 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Fylkestinget gjorde vedtak 13.06.23 (i PS 34/2023) å løyve kr. 3.500.000 til utbygging ved Njøs frukt- og bærsepter AS. Tilskotet kjem i tillegg til 6 mill. kr. løyvd av Sogn og Fjordane fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune). Tilskotet gjeld til 01.06.25. Det er også inngått ei samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Njøs frukt- og bærsepter AS for 2024 til 2026. Fylkeskommunen skal etter avtala yte eit årleg bidrag til drift på kr. 600.000.
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	10.04.25 ved Siri Sandvik
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----

FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet er nasjonalt foredlingscenter for norske frukt- og bærsortar. Selskapet skal kunna investera i andre selskap i same bransje, og kan bidra i regionale og nasjonale utviklingsprosessar. Selskapet skal driva ut frå prinsipp om nonprofit og utan utbyte til eigarane. Eventuelt overskot skal nyttast til å styrka selskapet og dei aktivitetane selskapet skal driva.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål. Meir konkret er føremålet langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst og lønsemd i frukt- og bærneringa i Vestland, og sikre vidareføring av forskings- og utviklingsmiljøet på Njøs.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Sogn og Fjordane Fondet AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	09.01.2017
Organisasjonsnummer	918496084
Forretningsadresse	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 SOGNDAL
Kommune	Sogndal kommune
E-postadresse	kjetil@kpvest.no (dagleg leiar)
Nettadresse	----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	303
Total aksjekapital	kr 303 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	120
Innskoten aksjekapital	kr 120 000
Eigardel i prosent	39,60 %
	Vestland fylkeskommune har også indirekte eigarskap i Sogn og Fjordane Fondet AS gjennom eigarskapen i Kunnskapsparken AS som eig 15,84 % av selskapet, og gjennom eigarskapen i Fjord Invest Såkorn AS som er eigar av Kunnskapsparken Vestland AS.
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----

Staten	----
Private	Stiftinga Drivkraft 44,55 % og Kunnskapsparke Vestland AS 15,84 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	11.06.25 ved Stian Davies
Ekstraordinær generalforsamling	07.10.25 ved Kjetil Kvåle
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Føremål til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp. Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet. Eit evt. overskot skal nyttast i tråd med selskapet sitt føremål – eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål: delta i investeringselskap som bidreg med kapital til tidlegfaseverksemdar i fylket, delta som regional utviklingsaktør i selskap som tilfører og/eller tileignar kompetanse. Sogn og Fjordane fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) var med på opprettinga av selskapet og gjekk då inn med 3 mill. kr.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	Til orientering mottok Vestland fylkeskommune melding frå styret i Sogn og Fjordane Fondet AS 07.11.25 om at Stiftinga Drivkraft har erverva 135 aksjar i selskapet frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane AS. I samsvar med aksjelova § 4-19, orienterte styret om fylkeskommunen sin rett som aksjonær, til å krevje forkjøpsrett. Det var to ukar frist for å nytte forkjøpsretten. Denne vart ikkje nytta.

	<p>Det blir også orientert om følgjande: I mai 2024 inviterte Sogn og Fjordane Fondet AS eigarane til å delta i ei kapitalutviding i selskapet (ein retta emisjon). Vestland fylkeskommune behandla ikkje førespurnaden.</p> <p>Som orientert om i sist eigarskapsmelding del II (lagt fram i desember 2024) vart det, som eit resultat av invitasjonen til eigarane, gjort følgjande vedtak på generalforsamlinga i juni 2024:</p> <p>4. Kapitalutviding ved retta emisjon mot noverande eigarar</p> <p>a. Aksjekapitalen i Sogn og Fjordane Fondet AS vert auka med 63 nye aksjar, kvar pålydande til teikningskurs NOK 47 917,- pr.aksje.</p> <p>b. Samla teikningsbeløp for dei nye aksjane er NOK 3 018 771,-.</p> <p>c. Dei nye aksjane vert teikna ved ein retta emisjon til Sparebanken Sogn og Fjordane. [...]</p> <p>På generalforsamlinga i juni 2024 vart det samstundes gjort slikt vedtak:</p> <p>6. Tildeling av styrefullmakt om kapitalutviding ved nyteikning av aksjar</p> <p>a) I samsvar med aksjelova §10-14 får styret fullmakt til å utvide selskapet sin aksjekapital med inntil NOK 7 mill. gjennom ein eller fleire kapitalutvidingar.</p> <p>b) Aksjane vert teikna til kurs 47 917,- pr. aksje, der kr. 1 000,- går til aksjekapital og kr. 46 917,- går til overkursfond. [...]</p> <p>h) Styrefullmakta skal gjelda fram til ordinær generalforsamling i 2025, men ikkje lenger enn 30. juni 2025.</p>
	<p>I tråd med fullmakta, vart fylkeskommunen i januar 2025 invitert til å delta i ei kapitalutviding. Fylkeskommunen behandla ikkje førespurnaden. Fullmakta til styret gjekk ut i juni 2025 og vart ikkje foreslått fornya på generalforsamlinga i 2025. Det har ikkje kome ny førespurnad om kapitalutviding, og fylkesdirektør er ikkje kjend med at det vil kome før generalforsamlinga i 2026.</p> <p>Det blir med dette orientert om at eventuelle nye behov for kapitalutviding vil bli lagt fram for fylkesutvalet for politisk behandling. Om fylkestinget, i handsaminga av denne eigarskapsmeldinga, ønskjer at fylkesdirektøren skal gå i dialog med selskapet om ei kapitalutviding, bes fylkestinget fatte vedtak om dette.</p> <p>Den gjennomførte emisjonen, der SpareBank 1 Sogn og Fjordane erverva fleire aksjar (seinare selt til Stiftinga Drivkraft) har påverka eigarprosenten til dei andre aksjonærane. Om fylkeskommunen skal oppretthalda sin opphavelige aksjeandel på 50 % må fylkeskommunen auka antal aksjar (må handsamast i generalforsamling).</p>

Tilråding om eigarskapen

Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og **det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.**

Sognasmak AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	21.03.2022
Organisasjonsnummer	928946339
Forretningsadresse	Lærdalsvegen 714, 6887 LÆRDAL
Kommune	Lærdal kommune
E-postadresse	post@sognasmak.no
Nettadresse	https://www.sognasmak.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	150
Total aksjekapital	kr 150 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	10
Innskoten aksjekapital	kr 10 000
Eigardel i prosent	6,67 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	Sogn Frukt og Grønt SA 65,33 % Balholm AS, Bratt Moro AS, Dalalåven AS, Sogn og Frukt Sidelaug - alle med 6,67 % Sognalam SA 1,33 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	26.06.25 ved Børre Solberg
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Opplævings og informasjonssenter for lokal mat og drikke, inklusiv sal av lokalmat. Opplæring, kurs, arrangement og FoU-prosjekt knytt til produksjon av frukt, grønt og andre mat- og drikkeprodukt med opphav i Sogn og eventuelt andre regionar det er naturleg å samarbeide med. Og anna som naturleg fell saman med dette. Selskapet skal driva ut frå prinsipp om nonprofit og utan utbyte til eigarane. Eventuelt overskot skal nyttast til å styrka selskapet og dei aktivitetane selskapet skal driva.</i></p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	<p>Eigarskapen i selskapet har ikkje grunnlag i politisk vedtak:</p> <p>Ved ein gjennomgåing av dei økonomiske oversiktene til Vestland fylkeskommune i desember 2025, vart selskapet Sognasmak AS avdekket i balansen til fylkeskommunen. I årsrekneskapen til selskapet vart fylkeskommunen også ført opp som ein av eigarane. Det har imidlertid ikkje vore politisk behandling om kjøp av aksjar i dette selskapet og saka vart difor undersøkt nærmare.</p> <p>Sogn Jord- og Hagebruksskule (underlagt Vestland fylkeskommune) tok avgjerd i eit leiarmøte ved skulen 12.01.22 om at skulen skulle bli medstiftar og aksjonær i Sognasmak AS. Av opphavsleg stiftingdokument og aksjonæravtale (begge signert 01.02.22) er «Sogn Jord- og Hagebruksskule» oppført som aksjonær. Økonomiseksjonen i fylkeskommunen vart 18.02.22 beden om å utbetale kr. 10.000 som betaling for 10 aksjar i Sognasmak AS, med pålydande verdi kr. 1.000 per aksje. Utbetalinga vart gjennomført og selskapet vart dermed oppført i dei økonomiske oversiktene til fylkeskommunen.</p> <p>Då etableringa av selskapet skulle bli registrert i Brønnøysundregisteret, vart det utfordringar med bruk av organisasjonsnummeret til avdelinga for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune. Det vart behov for å bruke hovudorganisasjonsnummeret til fylkeskommunen. Stiftingavtala og aksjonæravtala vart då oppdatert slik at Vestland fylkeskommune vart ført opp som aksjonær. Aksjonæravtala vart signert av fylkesdirektøren 24.02.22.</p>

	<p>Det går fram av reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.1 Økonomi, Bygg- og egedomsforvaltning kulepunkt nr. 2: Fylkesutvalet tek avgjerd i sakar om «sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr.» (Utover dette skal kjøp av aksjar bli vedteke av fylkestinget).</p> <p>Spørsmålet om kjøp av aksjar i Sognasmak AS til kr. 10.000, har ikkje vore handsama i fylkesutvalet. Det ligg ikkje føre eit politisk vedtak om kjøp av desse aksjane. Fylkesdirektøren tilrår difor å starte prosess for avvikling av eigarskapen. Samstundes vil fylkesdirektøren sørge for betre rutinar internt i fylkeskommunen.</p> <p>Det visast også til reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.5 om at «Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på [...] generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar [...]» Verken fylkesordføraren eller juridisk seksjon (som er ansvarleg for eigarskapsoppfølging i fylkeskommunen) har motteke innkalling til generalforsamling i selskapet. Skulen har motteke innkalling og representert fylkeskommunen i generalforsamling utan fullmakt.</p>
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Det blir tilrådd å starte prosess for avvikling av eigarskapen i selskapet.

Tidligfasefond Vestland I AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	04.10.2024
Organisasjonsnummer	934268946
Forretningsadresse	Thormøhlens gate 51, 5006 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	ove@tidligfasekapitalvestland.no (forvaltar)
Nettadresse	----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
A-aksjar	
Pålydande verdi per A-aksje	1
Totalt antal A-aksjar	164000
Total aksjekapital A-aksjar	kr 164 000
B-aksjar	
Pålydande verdi per B-aksje	kr 1
Totalt antal B-aksjar	19708000
Total aksjekapital B-aksjar	kr 19 708 000
Samanlagt	

Totalt antal aksjar	kr 19 872 000
Total aksjekapital	kr 19 872 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal B-aksjar	6000000
Innskoten aksjekapital B-aksjar	kr 6 000 000
Eigardel i prosent	30,19 %
Stemmedel i prosent	30,19 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Bergen kommune 20,13 %
Staten	----
Private	Cban Vestland Invest AS, Fana Sparebank, Farvatn Venture AS, Redinha AS, Sparebankstiftelsen SR-Bank, Vestlandets Innovasjonsselskap AS Tidligfasekapital Vestland Invest AS 0,83 % (A-aksjar)
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	20.02.25, 06.03.25, 10.03.25, 12.05.25, 10.06.25
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets virksomhet er å drive investeringsvirksomhet i norske kunnskapsbaserte og innovative selskaper i en tidlig fase med internasjonalt vekstpotensial, herunder å eie og forvalte aksjer, selskapsandeler, andre finansielle instrumenter og fordringer, samt virksomhet som står i naturlig forbindelse med dette. Fondet skal gjennom sin virksomhet søke å bidra til økonomisk vekst og nye arbeidsplasser i Vestland og Norge.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet har samfunns- og næringsutvikling som føremål: å støtte opprettinga av eit lokalt forankra tidlegfasefond i Vestland ved å delta i investeringssselskap som bidreg med kapital til tidlegfaseverksemdar i fylket, og delta som regional utviklingsaktør i selskap som tilfører og/eller tileignar kompetanse.
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkesutvalet* gjorde vedtak 23.01.25 (i PS 14/2025) om å investere 15 mill. kr. i Tidligfasefond Vestland I AS, og bli medeigar. Med fullmakt frå fylkesutvalet fylgde fylkesdirektøren opp vedtaket og inngjekk kjøp av 6.000.000 aksjar til pålydande verdi kr. 1 per aksje (teikningsbeløp kr. 15.000.000) 20.03.25. Aksjonæravtale vart også signert.</p> <p>*Til orientering: Fylkesutvalet fekk fullmakt frå fylkestinget 11.12.24 (i PS 138/2024): <i>Visar til sak i Fylkestinget PS 106/24 om tidlegfasefond. Fylkestinget ber om at eventuelt innskot i eit nytt tidlegfasefond vert avgjort i sak i fylkesutvalet snarast råd. Fylkesutvalet får fullmakt i saka.</i></p>
Tilråding om eigarskapen	Fylkeskommunen har nyleg kjøpt aksjar i selskapet. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir)

INFORMASJON	
Stiftingdato	08.02.2018
Organisasjonsnummer	920643515
Forretningsadresse	Skarpeteigvegen 2, 6854 KAUPANGER
Kommune	Sogndal kommune
E-postadresse	post@vitemeir.no
Nettadresse	https://www.vitemeir.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 10 000
Totalt antal aksjar	306
Total aksjekapital	kr 3 060 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	102
Innskoten aksjekapital	kr 1 020 000
Eigardel i prosent	33,33 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Sogndal kommune 18,30 % Fleire kommunar med mindre eigardelar: Luster kommune, Vik kommune, Lærdal kommune, Kinn kommune, Sunnfjord kommune
Staten	Høgskulen på Vestlandet 3,27 %
Private	Fleire mindre aksjonærar: Kaupanger Næringsforskning, Stiftinga Vestlandsforskning, Sogn Næring AS, NITO - Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene

Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Driftstilskot kr. 3.210.000
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	14.05.25 ved Kristin Iversen
Ekstraordinær generalforsamling	25.09.25 ved Tor Arnes Ness
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Verksemnda sitt føremål er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Verksemnda har ikkje som føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk vinning og skal ikkje betale utbytte.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens føremål med eigarskapen i selskapet er knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring samt samfunns- og næringsutvikling. Fylkeskommunen har direkte nytte av senteret ved at skulane nyttar det regionale vitensenteret i undervisninga. I tillegg har fylkeskommunen interesse i senteret ut ifrå rekrutteringsbehova til matematikk og naturvitskapelege fag i vidaregåande opplæring.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

5.7 Aksjeselskap innan næring, plan og innovasjon – arbeidsmarknadsbedrifter

Felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene (21.06.22)

Beredt AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	14.08.1969
Organisasjonsnummer	916303122
Forretningsadresse	Nedre Nøttveit 12, 5238 RÅDAL

Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	sol@beredt.no (dagleg leiar)
Nettadresse	https://www.beredt.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 100
Totalt antal aksjar	1000
Total aksjekapital	kr 100 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	1000
Innskoten aksjekapital	kr 100 000
Eigardel i prosent	100 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	24.05.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Beredt skal danne grunnlag for arbeidsmarkedsrelatert sysselsetting.</i></p> <p><i>Videre skal Beredt være et mellomledd som knytter kontakt mellom en arbeidssøker og arbeidsgiver i den hensikt å etablere et arbeidsgiver/arbeidstakerforhold. Herunder skal Beredt drive teoretisk og praktisk kompetansebygging slik at deltagerne er best mulig rustet for å møte krav og forventninger i arbeidslivet.</i></p> <p><i>Selskapet skal gjennom kompetansebyggende tiltak også bidra til at personer som står i fare for å falle ut av arbeidslivet kan bli værende i arbeidslivet.</i></p> <p><i>Beredt tilbyr skjermet tilrettelagt arbeidstrening gjennom sin virksomhet av kantinedrift og bilverksted.</i></p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.

STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Beredt Inkludering AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	07.10.2024
Organisasjonsnummer	934470222
Forretningsadresse	Nedre Nøttveit 12, 5238 RÅDAL
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	sol@beredt.no (dagleg leiar)
Nettadresse	https://www.beredt.no/om-oss/beredt-inkludering/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 100
Totalt antal aksjar	300
Total aksjekapital	kr 30 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	300
Innskoten aksjekapital	kr 30 000
Eigardel i prosent	100 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	

Generalforsamling 2025	Det vart ikkje gjennomført generalforsamling i 2025. Selskapet vart skipa hausten 2024. Dei selskapsmessige økonomiske transaksjonane som vart føretatt i 2024, var innbetaling av selskapskapital. Drift i selskapet vart starta opp 01.01.2025. Etter avklaring med revisor, avla selskapet difor ikkje årsrekneskap for 2024 til handsaming på generalforsamling i 2025. I årsrekneskapen for 2025, som blir behandla på generalforsamling i 2026, vil forholdet bli kommentert.
Ekstraordinær generalforsamling	24.06.25 (vedtektsendringar)
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Beredt inkludering AS skal danne grunnlag for høgre deltaking i utdannings- og arbeidslivet gjennom å tilby arbeidsmarknadstenester overfor-, og i nært samarbeid med offentleg- og privat næringsliv, herunder karriererettleiing og ekspertbistand. Selskapet kan også yte tenester for folk som av ulike grunnar står utanfor arbeidslivet og for arbeidsgjevarar som treng bistand for å halde folk i arbeid. Selskapet skal yte administrative tenester til Beredt AS.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Selskapet vart nyleg skipa av Vestland fylkeskommune i 2024. Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Gløde Utvikling AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	16.12.1991
Organisasjonsnummer	963399243
Forretningsadresse	Havnevegen 11/15, 5918 FREKHAUG
Kommune	Alver kommune
E-postadresse	post@glode.no
Nettadresse	https://glode.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1
Totalt antal aksjar	3166900

Total aksjekapital	kr 3 166 900
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	11841
Innskoten aksjekapital	kr 11 841
Eigardel i prosent	0,37 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Alver kommune er største aksjonær med 97,43 % Masfjorden kommune og Fedje kommune - begge under 1 %
Staten	----
Private	Fleire mindre aksjonærar med under 1 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	17.06.25 ved Kathrin Jakobsen
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	27.05.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapet har som føremål å drive forretningsverksernd og utviklingsarbeid innan arbeidsinkludering - drift, utvikling og utleige av eigedommar - drift og utvikling av dotterselskap. Det kan ikkje utdelast utbytte frå selskapet til eigarar. Overskot frå eigedomsdrift kan bene nyttast i attføringsselskapet - Gløde AS og skal overførast selskapet innan rimeleg tid. Anna overskot nyttast i selskapet til styrking av arbeidsplassane og føremålet.</i></p> <p>Gløde Utvikling AS eig 100 % av aksjane i Gløde AS, som har til føremål attføring og varig tilrettelagt arbeid og virksomhet som er uløselig knyttet til dette. Selskapet har i tillegg kommunale arbeidstiltak og lavterskeltilbud samt yrkesopplæring for elever med nedsatt arbeids- og funksjonsevne som har behov for et tilbud utover det som gis i et ordinært skoletilbud. [...]</p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkesutvalet gjorde vedtak 25.11.25 (i PS 316/2025) om å starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gløde Utvikling AS.</p> <p>Bakgrunnen for vedtaket om avvikling av eigarskapen var følgjande: Fylkesutvalet vedtok 19.09.23 (i PS 204/2023) å delta i ei kapitalutviding i selskapet med kr. 200.000. Avgjerda om kapitalutviding vart satt på dagsorden for generalforsamlinga i selskapet den 17.06.25, men saka vart utsett. Det visast til at selskapet hadde pågåande ein prosess om å fusjonere arbeidsmarknadsbedriftene i Nordhordland, og dermed var føresetnadene for vedtaket i fylkesutvalet endra. Difor var det behov for ei ny politisk behandling av spørsmålet om kapitalutviding. Det vart 25.11.25 vedteke å starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet.</p>
	<p>Det vart i desember 2025 kjend at styra i Gløde AS og Gløde Utvikling AS i vedtak av 11.12.25 har råda til at arbeidsmarknadsbedriftene i Nordhordland ikkje vert slått saman. Fylkesdirektøren avventa difor å be styret i selskapet om å informere dei andre eigarane om at aksjane er til sals.</p> <p>Ettersom fusjonen ikkje vert gjennomført, er premissene for fylkeskommunen sitt vedtak om avvikling i PS 316/2025 noko endra. Fylkesdirektøren orienterer difor om dette, og ber om ei stadfesting av vedtaket om avvikling. Det visast til at det i saksframlegget vart peika på den låge eigardelen til fylkeskommunen (0,37 %) som grunnlag for avvikling av eigarskapen, også utan fusjon. Vidare visast det til vedtak i fylkestinget 09.12.25 (i PS 128/2025) om at fylkeskommunen sin eigardel i selskap, som hovudregel ikkje skal vere under 25 prosent. Til sist visast det til at ein endeleg avgjerd om avvikling av eigarskap i Gløde Utvikling AS vert teken av fylkesutvalet.</p>
Tilråding om eigarskapen	Det er gjort vedtak 25.11.25 om å avvile eigarskapen. Det blir tilrådd å halde fram med avviklinga av eigarskapen i selskapet.

Hardanger AKS AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	07.08.1987
Organisasjonsnummer	944676716
Forretningsadresse	Dalatuvegen 40, 5600 NORHEIMSUND
Kommune	Kvam kommune
E-postadresse	firmapost@hardangeraks.no

Nettadresse	https://www.hardangeraks.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	291
Total aksjekapital	kr 291 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	117
Innskoten aksjekapital	kr 117 000
Eigardel i prosent	40,21 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Kvam herad 49,83 % og Samnanger kommune 9,97%
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	17.06.25 ved Pernille Wickmann Rieber
Ekstraordinær generalforsamling	31.10.25 ved Jon Askeland
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Hardanger AKS er ei kompetanseverksemd der arbeidsinkludering og opplæring er den primære målsettinga. Verksemda skal bidra til å auke opplevinga av eiga livskvalitet for alle tilsette og skape eit inkluderande miljø for læring og kvalifisering gjennom målretta- og metodisk rettleiing, deltaking og opplæring innan produksjon av varer og tenester. Verksemda skal styrke den enkelte si moglegheit i det ordinære arbeidslivet, og skapa varige arbeidsplassar for dei som ikkje kan gjera seg nytte av ordinære arbeidstilbod.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Kveik AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	05.04.1973
Organisasjonsnummer	925876453
Forretningsadresse	Brynaskogen 2, 5705 VOSS
Kommune	Voss kommune
E-postadresse	firmapost@kveikarbeidsliv.no
Nettadresse	https://www.kveikarbeidsliv.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	2785
Total aksjekapital	kr 2 785 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	650
Innskoten aksjekapital	kr 650 000
Eigardel i prosent	23,34 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Voss herad er største aksjonær med 71,42 % Ulvik kommune 0,72 %
Staten	----
Private	Fleire mindre aksjonærar med under 2 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	23.06.25 ved Sigrid Brattabø Handegard
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	23.06.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Med ein inkluderande og open kultur skal me skapa grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablera berekraftige tiltaksplassar, slik at alle aktørar i arbeidslivet, pårørande og samfunn ser verdien i vårt arbeid. Som eit ledd i attføringsverksemda kan selskapet delta i andre selskap, driva formidling av arbeidskraft, og utleige av tilsette og fast eigedom.</i></p> <p>Kveik AS eig 100 % av aksjane i Kveik Formidling AS.</p>

Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Movia Holding AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	19.11.2021
Organisasjonsnummer	928354547
Forretningsadresse	Industrivegen 18, 6823 SANDANE
Kommune	Gloppen kommune
E-postadresse	oyvind@movia.no
Nettadresse	https://movia.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1
Totalt antal aksjar	385000
Total aksjekapital	kr 385 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	44415
Innskoten aksjekapital	kr 44 415
Eigardel i prosent	11,54 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	7 kommunar. Største aksjonær er Gloppen kommune 71,51 %
Staten	----
Private	Norsk Forbund For Utviklingshemma Gloppen Lokallag 0,64 & og SpareBank 1 Sogn og Fjordane 0,49 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	28.05.25 ved Sigrid Brattabø Handegard

Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapet si verksemd er å eige aksjar i selskap:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - som driv praktisk opplæring, produksjon, handel og anna tjenesteytende arbeid ved bruk av arbeidskraft rekruttert blant personar som varig eller mellombels ikkje er i stand til å utføre arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden; eller - som har aktivitetstilbod til personar med særskilde behov. <p><i>Selskapet kan òg eige aksjar i selskap med liknande formål som beskrive, og dessutan selskap som eig og forvaltar eigedomar som har til hovudformål å dekke behovet for aktiviteten beskrive ovanfor.</i></p> <p><i>Selskapet skal ikkje ha erverv til formål. Selskapet skal ikkje dele ut utbytte, erverve eigne aksjar, gjennomføre kapitalnedsetjingar med utdeling til aksjeeigarane, eller på annan måte gjere utdelingar til aksjeeigarane, med unntak av det som kjem fram av vedtektene.</i></p> <p>Movia Holding AS eig 100 % av aksjane i Movia Eigedom AS, Movia Formidling AS og Movia Utvikling AS.</p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Opero Holding AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	10.10.1978
Organisasjonsnummer	923824219
Forretningsadresse	Ringvegen 14, 5412 STORD
Kommune	Stord kommune
E-postadresse	birthe.nilsen@opero.no (dagleg leiar)
Nettadresse	https://opero-catering.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	1755
Total aksjekapital	kr 1 755 000

FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	292
Innskoten aksjekapital	kr 292 000
Eigardel i prosent	16,64 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	8 kommunar. Største aksjonær er Stord kommune 28,15 %
Staten	----
Private	Fleire mindre aksjonærar med mindre enn 1 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	14.05.25 ved Sigrid Brattabø Handegard
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapet eig dotteerselskapa Opero AS, Opero Pluss AS og Ås Barnehage AS. Selskapet sitt formål er å leige fast eigedom til dotterselskapa, og det som har ei naturleg tilknytning til dette.</i></p> <p><i>Selskapet har ikkje økonomiske føremål, og det skal ikkje delast ut utbytte. Eventuelt overskot skal vera i verksemda og komma føremålet til gode.</i></p> <p><i>Opero Holding AS eig mellom anna 100 % av aksjane i Opero AS, som har til føremål å utvikla og gje yrkesmessige arbeidsinkluderingsstilbod med siktemål om å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Bedrifta skal og gje tilbod om utprøving og avklåring av personar med tanke på framtidig val av arbeid og utdanning.</i></p>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Origod Fram AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	31.08.2022 (tidlegare Origod Holding AS)
Organisasjonsnummer	929970306
Forretningsadresse	Klubbetunet 2, 6905 FLORØ
Kommune	Kinn kommune
E-postadresse	post@origod.no
Nettadresse	https://www.origod.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1
Totalt antal aksjar	1111152
Total aksjekapital	kr 1 111 152
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	271789
Innskoten aksjekapital	kr 271 789
Eigardel i prosent	24,46 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	7 kommunar. Største aksjonær er Kinn kommune 31,69 %
Staten	----
Private	Nokon mindre aksjonærer. Selskapet eig også egne aksjar 0,17 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 – Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	21.03.25 ved Åsmund Berthelsen
Ekstraordinær generalforsamling	07.10.25 (val av ny revisor). Fylkeskommunen deltok ikkje
Eigarmøte 2025	07.05.25 (konferanse)
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<p><i>Selskapets føremål er å være holdingselskap for attføringsselskapet Origod AS, samt å eige og drive utleige av fast eigedom, samt det som naturleg står i forbindelse med dette.</i></p> <p>Origod Fram AS eig 98,39 % av aksjane i Origod AS, som har til føremål å drive kurs og opplæringsverksemd, arbeids- og inkluderingstenester, og det som naturleg høyrer med til slik verksemd.</p>

Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Sogneprodukt AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	07.11.1973
Organisasjonsnummer	927970678
Forretningsadresse	Industrivegen 39, 6893 VIK I SOGN
Kommune	Vik kommune
E-postadresse	post@sogneprodukt.no
Nettadresse	https://www.sogneprodukt.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	751
Total aksjekapital	kr 751 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	150
Innskoten aksjekapital	kr 150 000
Eigardel i prosent	20 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	7 kommunar. Største aksjonær er Vik kommune 37 %
Staten	----
Private	Sogn Sparebank, SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Luster Sparebank, Norges Handikapforbund
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar – Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	11.04.25 ved Sigrid Brattabø Handegard
Ekstraordinær generalforsamling	----

Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Gjennom arbeidsretta tiltak skaper selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å få seg arbeid eller utdanning. Som eit ledd i arbeidet kan selskapet delta i andre selskap, driva formidling av arbeidskraft, leige ut tilsette og leige ut fast eigedom. Selskapet har ikkje økonomisk erverv som føremål og betalar ikkje ut utbytte.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i selskapet er å delta i selskap som arbeider for å leggje til rette for særlege grupper i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunalt eigarskap skal bidra til føreseielege forhold for drifta av verksemda.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

5.8 Aksjeselskap innan organisasjon og økonomi

Kommunekraft AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	28.04.1993
Organisasjonsnummer	866818452
Forretningsadresse	Akersgata 30, 0158 OSLO
Kommune	Oslo kommune
E-postadresse	hh@lundogco.no (kontaktperson)
Nettadresse	www.kommunekraft.no
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 1 000
Totalt antal aksjar	320
Total aksjekapital	kr 320 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	1

Innskoten aksjekapital	kr 1 000
Eigardel i prosent	0,31 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	130 kommunar og 6 andre fylkeskommunar med ein aksje kvar
Staten	----
Private	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) med 183 aksjar
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	<u>Årsberetning 2024 Kommunekraft AS</u>
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	20.05.25 ved Ivar Kvalen
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets formål er å formidle aksjeeiernes disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet er finansielt motivert og knytt til utnytting av kraftressursar. Føremålet med eigarskapen har vore definert slik: Kommunekraft AS bidreg, ved rådgjeving og ved å inngå avtalar om forvaltningstenester, til å optimalisere avkastninga på konsesjonskraftrettane for eigarane. Fylkeskommunen deltek i selskapet saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	----
Tilråding om eigarskapen	Fylkestinget gjorde vedtak 09.12.25 (i PS 128/2025) om at fylkeskommunen sin eigardel i selskap som hovudregel ikkje skal vere under 25 prosent. Her er eigardelen berre 0,31 % Føremålet og betydninga med eigarskapen gjer seg likevel gjeldande. Det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Sogn og Fjordane Holding AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	29.11.2005
Organisasjonsnummer	989339338
Forretningsadresse	Naustdalsvegen 1B, 6800 FØRDE
Kommune	Sunnfjord kommune
E-postadresse	svein.overland@tellnorge.no (kontaktperson)
Nettadresse	https://www.sfholding.no/
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
A-aksjar	
Pålydande verdi per A-aksje	kr 1
Totalt antal A-aksjar	766980
Total aksjekapital A-aksjar	kr 766 980
B-aksjar	
Pålydande verdi per B-aksje	kr 1
Totalt antal B-aksjar	3067924
Total aksjekapital B-aksjar	kr 3 067 924
Samanlagt	
Totalt antal aksjar	3834904
Total aksjekapital	kr 3 834 904
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal A-aksjar	766980
Innskoten aksjekapital A-aksjar	kr 766 980
Eigardel i prosent	20 %
Stemmedel i prosent	51 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	18 kommunar (alle med B-aksjar)
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport / orientering frå styret	Orientering 2024 Sogn og Fjordane Holding AS
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	03.06.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	----
Eigarmøte 2025	24.02.25 og 03.06.24

FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet eig per 8. oktober 2019 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS - og sjølv eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Fylkeskommunens eigarskap i selskapet er finansielt motivert og knytt til utnytting av kraftressursar. Føremålet med eigarskapen har vore definert slik: Gjennom eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS skal fylkeskommunen vere med å sikre at eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS, og verdiane til desse aksjane, vert verande i Sogn og Fjordane [Vestland fylkeskommune]. Eigarskapen i holdingselskapet skal bidra til ei styring av energiselskapet som eit sjølvstendig og regionalt/lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	Det visast til sak om fusjonsutgreiing: Eigarane i Sogn og Fjordane Holding AS vedtok på generalforsamling 16.12.24 ikkje å gå vidare med full fusjonsutgreiing mellom Sogn og Fjordane Energi AS og Eviny AS.
Tilråding om eigarskapen	Føremålet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre eigarskapen i selskapet.

Valen Kraftverk AS

INFORMASJON	
Stiftingdato	17.01.2003
Organisasjonsnummer	985383820
Forretningsadresse	c/o Kvinnherad Energi AS, Skålagato 50, 5470 ROSENDAL
Kommune	Kvinnherad kommune
E-postadresse	valen@kvinnherad-energi.no
Nettadresse	-----
SELSKAPETS AKSJEKAPITAL	
Pålydande verdi per aksje	kr 700

Totalt antal aksjar	10000
Total aksjekapital	kr 7 000 000
FYLKESKOMMUNENS EIGARDEL	
Antal aksjar	10000
Innskoten aksjekapital	kr 7 000 000
Eigardel i prosent	100 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har eit fylkeskommunalt lån, som etter siste nedbetaling er på kr. 7.500.000 (per 31.12.25).
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
EIGARSYRING	
Generalforsamling 2025	12.05.25 ved Jon Askeland
Ekstraordinær generalforsamling	05.09.2025
Eigarmøte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Driva produksjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytta til desse områda, herunder deltaking i andre verksemdar med liknande føremål.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Kraftverket på Valen vart bygga for å få elektrisk straum til Valen Sjukehus. Sjukehuset og sjukehusdrifta vart overført til staten i samband med sjukehusreforma i 2002. Selskapet Valen Kraftverk AS vart etablert i 2003 og Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) selde fallrettane til selskapet. Sidan har fylkeskommunens eigarskap i Valen Kraftverk AS vore finansielt motivert og knytt til utnytting av kraftressursar.
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 11.12.24 (i handsaminga av eigarskapsmeldinga del II for 2024) om å be fylkesdirektøren legge fram ei sak om "strategisk eigarskap" i Valen Kraftverk AS.</p> <p>Sak om Valen Kraftverk AS har so langt ikkje vorte lagt fram. Det er likevel gjort naudsynte avklaringar om eigarskapen i spørsmål om uavklarte rettslege disposisjonar i forhold til eigedomsrett og fallrettar samt om det ligg føre unytta fallrettar med moglegheiter for ekspansjon. Vidare arbeidast det no med å hente inn ein ekstern vurdering knytt til salsmoglegheiter eller vidareutvikling av eigarskapen. Fylkesdirektøren vil forberede ei eiga sak til fylkestinget i 2026 og leggje fram handlingsalternativ for vidare eigarskap (evt. deleigarskap) eller avvikling av eigarskapen i Valen Kraftverk AS.</p>
Tilråding om eigarskapen	<p>Det er planlagt å legge fram ei eiga sak om eigarskapen i selskapet. Det blir tilrådd å halde fram eigarskapen i selskapet for no.</p>

5.9 Avvikla eigarskap i aksjeselskap (sidan sist eigarskapsmelding)

Fremtidens Hurtigbåt AS

Organisasjonsnummer	931711601
Eigardel i prosent	Selskap er avvikla
Generalforsamling 2025	19.06.25 ved Jostein Fjærestad
Ekstraordinær generalforsamling 2025	03.10.25 ved Jostein Fjærestad

Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 11.12.24 (i handsaminga av eigarskapsmeldinga del II for 2024) om å be fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Fremtidens Hurtigbåt AS.</p> <p>Generalforsamlinga vedtok i juni 2025 å oppløysa og avvikla selskapet. Vidare godkjende generalforsamlinga avviklingsbalansen i oktober 2025. Det vart vedteke å overføra inneståande i selskapet til Nordland fylkeskommune, for dekning av kostnader knytt til avviklinga.</p> <p>Slettedato i Brønnøysundregisteret: 28.10.25. Økonomiavdelinga har per 04.11.25 gjort naudsynte bokføringer for å nulle ut selskapet i balansen til fylkeskommunen.</p>
Tilråding om eigarskapen	Ikkje relevant - selskap er avvikla

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Organisasjonsnummer	992971118
Eigardel i prosent	Ikkje lenger eigar
Generalforsamling 2025	Fylkeskommunen avvikla eigarskapen i 2024 og deltok difor ikkje i generalforsamlinga i 2025.
Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Det visast til at fylkesdirektøren orienterte i sist eigarskapsmelding del II for 2024 (handsama i fylkestinget 11.12.24) om status for avvikling av eigarskapen i selskapet.</p> <p>Generalforsamlinga vedtok 08.10.24 å løyse ut fylkeskommunen og Siva - Selskapet for industrivekst SF, ved å sette ned aksjekapitalen og eigenkapitalen i selskapet.</p> <p>Som følgje av utløysinga mottok Vestland fylkeskommune kr. 2.374.000 frå Gulen og Masfjorden Utvikling AS 10.04.25. I tråd med vedtak i fylkestinget 18.06.24 (i PS 84/2024) vart innbetalinga overført frå fylkeskommunen til Gulen kommune og Masfjorden kommune sine næringsfond. Summen er utbetalt til kommunane og brev om overføringa er sendt til kommunane 31.10.25.</p> <p>Økonomiavdelinga har per 04.11.25 gjort naudsynte bokføringer for å nulle ut selskapet i balansen til fylkeskommunen.</p>
Tilråding om eigarskapen	Ikkje relevant - ikkje lenger eigar

Moster 2024 AS

Organisasjonsnummer	926160982
Eigardel i prosent	Selskap er avvikla
Generalforsamling 2025	05.05.25 ved Jon Askeland
Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Fylkestinget gjorde vedtak 11.12.24 (i handsaminga av eigarskapsmeldinga del II for 2024) om å be fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Moster 2024 AS (ei førehandsbestemt og vedtektsfesta avvikling etter 2024).</p> <p>Generalforsamlinga vedtok i desember 2024 å oppløysa og avvikla selskapet. Vidare godkjende generalforsamlinga avviklingsbalansen i mai 2025. Det vart vedteke å overføra inneståande i selskapet på kr. 36.575 til Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS, i tråd med vedtektene.</p> <p>Slettedato i Brønnøysundregisteret: 15.05.25. Økonomiavdelinga har per 04.11.25 gjort naudsynte bokføringar for å nulle ut selskapet i balansen til fylkeskommunen.</p>
Tilråding om eigarskapen	Ikkje relevant - selskap er avvikla

Opplæringsfartøy AS

Organisasjonsnummer	984368879
Eigardel i prosent	Selskap er avvikla
Fylkeskommunalt lån	Selskapet hadde eit fylkeskommunalt lån. I samband med avviklinga av selskapet i 2024 vert restgjelda på om lag kr. 650.000 ettergitt.
Generalforsamling 2025	Selskapet vart avvikla i 2024 og det vart difor ikkje heldt generalforsamling i 2025.
Status for politiske vedtak om eigarskapen	<p>Det visast til at fylkesdirektøren orienterte i sist eigarskapsmelding del II for 2024 (handsama i fylkestinget 11.12.24) om status for avvikling av eigarskapen i selskapet.</p> <p>Generalforsamlinga godkjende avviklingsbalansen i desember 2024.</p> <p>Slettedato i Brønnøysundregisteret: 11.12.24. Sluttoppgjeret på kr. 4.411.590 vart motteke av fylkeskommunen 30.10.25. Økonomiavdelinga har per 01.11.25 gjort naudsynte bokføringar for å nulle ut selskapet i balansen til fylkeskommunen.</p>

6. Særlovselskap

6.1 Om selskapsforma

Selskapet Innovasjon Norge er oppretta i medhald av Lov om Innovasjon Norge, og er eiga av staten med 51 prosent og fylkeskommunane med 49 prosent.¹³ Av lovas § 1 går det fram:

Innovasjon Norges formål er å være statens og fylkeskommunenes virkemiddel for å realisere verdiskapende næringsutvikling i hele landet.

Krav om innskotskapital frå eigarane er fastsett i vedtektene til selskapet.¹⁴ Den totale innskotskapitalen er fastsett til 19,6 mill. kr. og er fordelt på staten og fylkeskommunane.¹⁵

Selskapet skal ha eit styre¹⁶ og forvaltninga av selskapet høyrer til under styret.¹⁷ Eigarane av selskapet utøver likevel den øvste mynde gjennom føretaksmøtet.¹⁸

I tillegg til Lov om Innovasjon Norge, er selskapet regulert av vedtekter.¹⁹ Vidare kan også andre lovverk gjelde, t.d. kommunelova, offentleglova, regnskapslova, anskaffingslova, openheitslova mv. Forvaltningslova gjeld ikkje for selskapet.²⁰

6.2 Selskapet

Innovasjon Norge

INFORMASJON	
Stiftingdato	19.12.2003
Organisasjonsnummer	986399445
Forretningsadresse	Grev Wedels plass 9, 0151 OSLO
Kommune	Oslo kommune

¹³ Lov om Innovasjon Norge § 2.

¹⁴ Lov om Innovasjon Norge § 7.

¹⁵ Vedtektene for Innovasjon Norge § 8.

¹⁶ Lov om Innovasjon Norge § 13.

¹⁷ Lov om Innovasjon Norge § 17.

¹⁸ Lov om Innovasjon Norge § 28.

¹⁹ Lov om Innovasjon Norge § 4.

²⁰ Lov om Innovasjon Norge § 6 (1).

E-postadresse	post@innovasjon norge.no
Nettadresse	www.innovasjon norge.no
KAPITAL OG EIGARDEL	
Totalt innskoten kapital frå eigarane	kr 19 600 000
Innskoten kapital frå Vestland fylkeskommune	kr 1 010 526
Eigardel i prosent	5,16 %
ANDRE EIGARAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Alle fylkeskommunane med totalt 49 %
Staten	Nærings- og fiskeridepartementet 51 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	Årsrapport 2024 Innovasjon Norge
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	-----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	Hovudutval for næring, plan og innovasjon gjorde vedtak 12.02.25 i sak om oppdragsbrev for Innovasjon Norge Vestland 2025, om å løyve kr. 75.367.000 til Innovasjon Norge Vestland for 2025, over statsbudsjettet sin post 553.61. Videre vart det gjort vedtak om å løyve kr. 1.000.000 til Innovasjon Norge til to prosjekt. Prosjekta vart vedteke finansiert over fylkeskommunen sine egne midlar, gjennom budsjettet til avdelinga for næring, plan og innovasjon.
EIGARSYRING	
Føretaksmøte 2025	28.05.25 ved Sigrid Brattabø Handegard
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapets formål er å være statens og fylkeskommunenes virkemiddel for å realisere verdiskapende næringsutvikling i hele landet. Selskapet skal fremme næringsutvikling i regionene og distriktene innenfor rammene av regionale og nasjonale oppdrag. Selskapet skal bidra i utviklingen og gjennomføringen av regionale planer/strategier, og arbeidet skal skje i samspill med de utviklingsaktører som fylkeskommunene finner det formålstjenlig å samarbeide med.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med eigarskapen	Føremålet med fylkeskommunens eigarskap i Innovasjon Norge er å oppfylle loven om Innovasjon Norge, og ta del i eit selskap som er ein viktig reiskap for næringsutvikling i Noreg og på Vestlandet.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om eigarskapen	-----

7. Interkommunale selskap (IKS)

7.1 Om selskapsforma

Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) regulerer interkommunale selskap (IKS). Av lovas § 1 går det fram:

[...] Med interkommunalt selskap menes et selskap hvor alle deltakerne er kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper. Loven gjelder likevel ikke for selskap hvor samtlige deltakere har et begrenset ansvar for selskapsforpliktelsene.

Det er ikkje innskotsplikt i eit interkommunalt selskap, utover det som eventuelt følger av avtalen til selskapet eller IKS-lova.²¹ I eit interkommunalt selskap hefter likevel den einkilde deltakar uavgrensa for ein prosent- eller brøkdel av pliktene til selskapet.²²

Deltakarane i eit interkommunalt selskap utøver den øvste mynde gjennom representantskapet.²³

I tillegg til IKS-lova, er eit interkommunalt selskap regulert av ein selskapsavtale.²⁴ Vidare kan også andre lovverk gjelde, t.d. kommunelova, forvaltningslova, offentleglova, skattelova, anskaffingslova, openheitslova mv. samt eventuelle særlover.

²¹ IKS-lova § 5 (1).

²² IKS-lova § 3 (1).

²³ IKS-lova § 7 jf. § 6.

²⁴ IKS-lova § 9.

7.2 Interkommunale selskap innan eigedom og utbygging

Grieghallen IKS

INFORMASJON	
Stiftingdato	21.06.2013
Organisasjonsnummer	912157288
Forretningsadresse	Aasegården, Vestre Strømkaien 7, 5008 BERGEN
Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	tj@compler.no (dagleg leiar)
Nettadresse	----
DELTAKARAR OG ANSVAR	
Innskoten kapital frå deltakarane	kr 1 000 000
Innskoten kapital frå Vestland fylkeskommune	kr 500 000
Ansvarsdel i prosent	50 %
Andre deltakarar (kommunar og fylkeskommunar)	Bergen kommune 50 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Representantskapsmedlemmar for fylkeskommunen	Representant: Marianne Sæhle (SV) per 09.12.25 Vararepresentant: Silja Ekeland Bjørkly (H)
Årsmelding	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	*Etter selskapsavtalen hefter fylkeskommunen for 50 % av selskapet sine økonomiske plikter. Den øvre låneremmen til selskapet er satt til 340 mill. kr. Hovudlånet i Kommunalbanken ble 31.12.13 trukket opp med totalt 219,6 mill. kr. hvorav fylkeskommunen blir fakturert til å betjene 63 mill kr. (28,69%). Løpetid på lånet er fram til 2043. I 2024 var overføringane frå fylkeskommunen på 4,4 mill. kr. *Korrigert informasjon om lån etter vedteke eigarskapsmelding.
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	
Representantskapsmøte 2025	28.04.25 ved Marthe Hammer (representantskapsmedlem fram til nyval i fylkestinget 09.12.25)
Andre møte 2025	----
FORMÅL OG STRATEGI	

Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet har ikke et ervervsmessig formål. Formålet er å erverve, eie og leie ut Grieghallen, gnr 164, bnr 926 med festerett, Bergen. Selskapet kan delta som aksjonær i aksjeselskaper tilknyttet virksomheten i Grieghallen samt å inngå avtaler med kommuner og fylkeskommuner, selskaper og virksomheter så fremt dette bidrar til å oppfylle selskapets formål.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med deltakinga	<p>Grieghallen IKS vart oppretta i 2013 etter vedtak i fylkestingsak 34/2013 i Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune). Bakgrunnen for vedtaket var behovet for ei føremålstenleg finansiering av fornyinga av Grieghallen. Det interkommunale selskapet Grieghallen IKS har oppnådd betre lånevilkår enn det kommersielle selskapet Grieghallen AS (ikkje eigd av fylkeskommunen) ville fått.</p> <p>Det overordna føremålet med fylkeskommunens deltaking i Grieghallen IKS er å sikre drift av den fylkes- og landsomfattande kulturinstitusjonen Grieghallen. Eigarskapen i bygget bidrar til å ivareta fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan området kultur og folkehelse / kultur, idrett og inkludering (sjølve om drifta og kulturtilboda mv. høyrer til Grieghallen AS).</p>
	<u>Eigarstrategi Grieghallen IKS (08.04.21)</u>
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om deltakinga	----
Tilråding om deltakinga	<p>Leigeavtalen med Grieghallen AS gjeld fram til 2043. Leigetakar Grieghallen AS har opsjon på å få overta bygget for 16,3 mill. kr. (skattemessig bokført verdi) når leigeavtalen går ut.</p> <p>Det visast til at fylkesdirektøren i sist eigarskapsmelding del II for 2024 (handsama i fylkestinget 11.12.24) tilrådde å starte prosess for å vurdere moglegheitene for å overføre heile ansvaret/selskapet til Bergen kommune. Fylkestinget vedtok å halde fram med deltakinga.</p> <p>Det blir tilrådd å vidareføre deltakinga i selskapet.</p>

TH Eigedom IKS

INFORMASJON	
Stiftingdato	07.03.2007 (tidlegare Trivselhagen IKS)
Organisasjonsnummer	991625348
Forretningsadresse	Gota 14, 6823 SANDANE

Kommune	Gloppen kommune
E-postadresse	baard.bolstad@theigedom.no (dagleg leiar)
Nettadresse	----
DELTAKARAR OG ANSVAR	
Innskoten kapital frå deltakarane	kr 99 672 292
Innskoten kapital frå Vestland fylkeskommune	kr 49 836 146
Ansvarsdel i prosent	50 %
Andre deltakarar (kommunar og fylkeskommunar)	Gloppen kommune 50 %
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Representantskapsmedlemar for fylkeskommunen	Representant: Fylkesordførar Vararepresentantar: KULII-leiar og KULII-nestleiar Representant: Fylkesvaraordførar Vararepresentantar: OPPKO-leiar og OPPKO-nestleiar
Årsmelding	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	<u>Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene</u>
Fylkeskommunalt lån	Fylkeskommunen hefter for 50 % av selskapet sine økonomiske plikter. Den øvre låneramma til selskapet er satt til 125,5 mill. kr.
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	
Representantskapsmøte 2025	24.02.25 ved fylkesvaraordførar og KULII-leiar, 25.04.25 ved OPPKO-leiar og 26.09.25 ved KULII-nestleiar og OPPKO-nestleiar
Andre møte 2025	25.04.25 og 26.09.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet sitt føremål er å eige og drive eigedomen som omfattar Trivselshagen skule og kultur, Trivselshagen bad og idrett og annan eigedom som eigarane i samråd tillegg selskapet ansvar for. Vidare er føremålet å leige ut eigedomen/ane til eigarane, i eit omfang og på ein måte som er nærmare regulert i egne leigeavtalar.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med deltakinga	Føremålet med fylkeskommunens deltaking i TH Eigedom IKS er knytt til eigedomen som selskapet er eigar av. Fylkeskommunen nyttar eigedomen til å dekke arealbehovet for tilsette og elevar ved Firda vidaregåande skule. Deltakinga i selskapet er såleis knytt til å utføre fylkeskommunen sine oppgåver innan området opplæring og kompetanse.
	<u>Eigarstrategi TH Eigedom IKS</u>

STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om deltakinga	----
Tilråding om deltakinga	Deltakarane vedtok ei ny selskapsavtale i 2020 samt nye drifts- og leigeavtalar. Vidare utvida deltakingane selskapsføremålet i 2023/2024 og endringar i selskapsavtala. Det blir tilrådd å vidareføre deltakinga i selskapet.

7.3 Interkommunale selskap innan IKT og digitalisering

Novari IKS

INFORMASJON	
Stiftingdato	01.01.2012 (tidlegare Vigo IKS)
Organisasjonsnummer	998283914
Forretningsadresse	Kjølnes ring 30, 3918 PORSGRUNN
Kommune	Porsgrunn kommune
E-postadresse	post@novari.no
Nettadresse	https://novari.no/
DELTAKEARAR OG ANSVAR	
Innskoten kapital frå deltakingane	Selskapet vert finansiert ved at deltakingane kjøper de tenester som selskapet tilbyr innan formålet. Deltakarane forskotsbetalar sine kjøp basert på budsjett for selskapet. For budsjett- og rekneskapsåret 2024 innbetalte eigarane 206,2 mill. kr. til drift, vidareutvikling og forvaltning av fagsystem og prosjekter. (Årsrekneskapsen for 2025 er ikkje klart).
Innskoten kapital frå Vestland fylkeskommune	----
Ansvarsdel	1 / 15
Andre deltakingar (kommunar og fylkeskommunar)	Alle fylkeskommunane og Oslo kommune med like delar
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Representantskapsmedlemar for fylkeskommunen	Representant: OPPKO-leiar Vararepresentant: OPPKO-nestleiar Vararepresentant: Stig Stellberg (H)

Årsmelding	Årsmelding 2024 Novari IKS
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	Etter selskapsavtalen hefter fylkeskommunen for 1/15 av selskapet sine økonomiske plikter. Den øvre låneramma til selskapet er satt til 5 mill. kr.
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	
Representantskapsmøte 2025	25.04.25 og 25.09.25 ved Åsmund Berthelsen
Andre møte 2025	30.01.25. Budsjettkonferanse 02.06.25
FORMÅL OG STRATEGI	
Selskapets vedtektsfesta formål	<i>Selskapet er et IKT- og digitaliseringsselskap som skal sørge for effektive og behovsstyrte anskaffelser, forvaltning og drift av digitale tjenester for fylkeskommunens lovpålagte oppgaver innenfor utdanning og samferdselsforvaltning. Lov om offentlig anskaffelser og reglene om offentlig støtte skal ivaretas. Selskapet skal også tilby nødvendig faglig opplæring og veiledning knyttet til tjenestene som leveres. Digitale tjenester knyttet til lovpålagte fylkeskommunale oppgaver kan legges til selskapet i tråd med deltakernes behov og bestilling innenfor de rammer representantskapet fastsetter og som ikke er av økonomisk art.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med deltakinga	Føremålet med fylkeskommunens deltaking i Novari IKS er å delta i selskap saman med andre fylkeskommunar for å utføre oppgåver knytt til fylkeskommunen si rolle som opplæringsansvarleg. Vidare å oppnå stordriftsfordelar ved å samarbeide om skuleadministrative system med andre fylkeskommunar. Føremålet med fylkeskommunens deltaking er utvida til å utvikle og forvalte felles fylkeskommunale IKT-system, også utanfor skule- og samferdslesektorane. Det betyr alle fylkeskommunale fellessatsingar.
	Novari IKS har utarbeidd eit forslag til eigarstrategi for samtlege eigarar. Denne er sendt ut på høyring med frist for uttale 1. april 2026. Endeleg forslag til eigarstrategi vert lagt fram for avgjerd i representantskapet hausten 2026.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om deltakinga	Representantskapet i Novari IKS vedtok i 2025 mindre endringar av selskapsavtala, for å sikre at styrets samansetning til ein kvar tid er i samsvar med krava i IKS-lova. Endringane vart lagt fram for fylkestinget i oktober 2025 og godkjent.

Tilråding om deltakinga

Føremålet med deltakinga gjer seg framleis gjeldande og strekker seg no utover fylkeskommunen sine behov innan opplæringsområdet. Det visast også til at samtlege fylkeskommunar deltek i selskapet. **Det blir tilrådd å vidareføre deltakinga i selskapet.**

8. Samvirkeføretak (SA)

8.1 Om samarbeidsforma

Lov om samvirkeføretak (samvirkeføretaklova) regulerer samvirkeføretak (SA). Av lovas § 1 (2) går det fram:

Med samvirkeføretak er meint ei samanslutning som har til hovudformål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deira deltaking i verksemda som avtakarar, leverandørar eller på annan liknande måte, og der

1. avkastinga, bortsett frå ei normal forrenting av innskoten kapital, anten blir ståande i verksemda eller fordelt mellom medlemmane på grunnlag av deira andel i omsetninga med samanslutninga, og

2. ikkje nokon av medlemmane har personleg ansvar for skyldnadene til samanslutninga, udelt eller for delar som til saman utgjer dei samla skyldnadene.

Innskotskapital frå medlemar av samvirkeføretak skal (eventuelt) vere fastsett i vedtektene til det einskilde samvirkeføretaket.²⁵

Eit samvirkeføretak må ha eit styre²⁶ og forvaltninga av samvirkeføretaket høyrer til under styret.²⁷ Medlemmane av eit samvirkeføretak utøver likevel den øvste mynde gjennom årsmøtet.²⁸

I tillegg til samvirkeføretaklova, er eit samvirkeføretak regulert av vedtekter.²⁹ Vidare kan også andre lovverk gjelde, t.d. kommunelova, forvaltningslova, offentleglova,

²⁵ Samvirkeføretaklova § 9 (3).

²⁶ Samvirkeføretaklova § 64.

²⁷ Samvirkeføretaklova § 76.

²⁸ Samvirkeføretaklova § 35.

²⁹ Samvirkeføretaklova § 10 jf. § 9.

regnskapslova, skattelova, anskaffingslova, openheitslova mv. samt eventuelle særlover.

8.2 Samvirkeføretak innan IKT og digitalisering

Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurscenter SA (KDRS)

INFORMASJON	
Stiftingdato	19.05.2010
Organisasjonsnummer	995726777
Forretningsadresse	Maskinistgata 1, 7042 TRONDHEIM
Kommune	Trondheim kommune
E-postadresse	post@kdrs.no
Nettadresse	https://www.kdrs.no/
ANDELAR OG KAPITAL	
Pålydande verdi per andel	kr 100 000
Totalt antal andelar	15
Total andelskapital	kr 1 500 000
FYLKESKOMMUNENS ANDEL	
Antal andelar	1
Innskoten andelskapital	kr 100 000
Ansvarsdel i prosent	6,67 %
Medlemskontigent 2025	kr 426 907
ANDRE MEDLEMAR	
Kommunar og fylkeskommunar	Arkivinstitusjonar i kommunar og fylkeskommunar - totalt 15 medlemar (inkludert Kommunearkivordninga i Vestland Kommunalt Oppgåvefelleskap)
Staten	----
Private	----
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	

Årsmøte 2025	17.06.25 ved Kenneth Stigen Furelig
FORMÅL OG STRATEGI	
Samvirkeforetakets vedtektsfesta formål	<i>Formålet til foretaket er å være et ressurscenter for kommunearkivinstitusjonene sine digitale arkiv. Foretaket skal fremme medlemmenes økonomiske interesser gjennom deres deltakelse i virksomheten for tjenester knyttet til digitale arkiv. Selskapet kan også selge tjenester knyttet til digitale arkiv utover basistjenester til medlemmer og andre. Foretakets avkastning blir stående i virksomheten.</i>
	<u>Strategi 2022-2025 KDRS</u>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med medlemskapen	Fylkeskommunens føremål med medlemskapen i KDRS er å nytte samvirkeforetaket sine tenester og kompetanse innan digitale arkiv.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om medlemskapen	----
Tilråding om medlemskapen	I tillegg til fylkeskommunen (ved dokumentcenteret) sitt direkte medlemskap i KDRS, har fylkeskommunen også indirekte medlemskap i arkivet gjennom deltakinga i Kommunearkivordninga i Vestland Kommunalt Oppgåvefelleskap. Avdelinga for IKT og digitalisering (dokumentcenteret) har difor sagt opp sitt direkte medlemskap i KDRS frå og med 01.01.27 (oppseingstida er eitt år). Etter dette vil fylkeskommunen sine behov for tenester frå KDRS bli dekkja gjennom medlemskapen i Kommunearkivordninga (sjå likevel under "kommunale oppgåvefelleskap" om planer for denne ordninga. Fylkeskommunen vil som framtidig vertskommune vidareføre kommunearkivordninga sin medlemskap i KDRS). Det blir tilrådd å støtte ei avvikling av medlemskapen i samvirkeforetaket.

8.3 Samvirkeforetak innan kultur og folkehelse

Biblioteksentralen SA

INFORMASJON	
Stiftingdato	04.02.1952
Organisasjonsnummer	910568183
Forretningsadresse	Alf Bjerckes vei 20, 0582 OSLO

Kommune	Oslo kommune
E-postadresse	svb@bibsentr.no
Nettadresse	https://www.bibliotekenes.no/
ANDELAR OG KAPITAL	
Pålydande verdi per andel	kr 300
Totalt antal andelar	3841
Total andelskapital	kr 1 152 300
FYLKESKOMMUNENS ANDEL	
Antal andelar	30
Innskoten andelskapital	kr 9 000
Ansvarsdel i prosent	0,78 %
Medlemskontigent 2025	----
ANDRE MEDLEMAR	
Kommunar og fylkeskommunar	353 kommunar og 12 fylkeskommunar
Staten	----
Private	KS og Norsk Bibliotekforening
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene
Årsrapport	Årsrapport 2024 Biblioteksentralen SA
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 - Brønnøysundregistrene
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	
Årsmøte 2025	10.06.25 ved Elin Golten
FORMÅL OG STRATEGI	
Samvirkeføretakets vedtektsfesta formål	<i>Hovedformålet for Biblioteksentralen er å være serviceorgan for og hovedleverandør av produkter og tjenester til offentlige bibliotek, skoler og andre offentlige institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen etablere og investere i virksomheter med det formål å betjene det totale bok-, informasjons- og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at medlemmenes interesser ivaretas på beste måte. Biblioteksentralen har ikke økonomisk fortjeneste i seg selv som formål for virksomheten - herunder heller ikke for medlemmene, jf. § 15.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med medlemskapen	Fylkeskommunens føremål med medlemskapen i Biblioteksentralen SA er å støtte utviklinga av bibliotek, som ein viktig formidlingsarena og møteplass på kulturområdet. Dette i tråd med fylkeskommunens arbeid med å legge til rette for kultur og kulturtilbod i fylket.

STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om medlemskapen	----
Tilråding om medlemskapen	Føremålet og betydninga med medlemskapen gjer seg framleis gjeldande. Det blir tilrådd å vidareføre medlemskapen i samvirkeføretaket.

Sinjarheim SA

INFORMASJON	
Stiftingdato	13.08.2018
Organisasjonsnummer	920207944
Forretningsadresse	Kvålsvegen 12, 5745 AURLAND
Kommune	Aurland kommune
E-postadresse	----
Nettadresse	----
ANDELAR OG KAPITAL	
Pålydande verdi per andel	----
Totalt antal andelar	----
Total andelskapital	Inga andelsinnskot, jf. vedtektene § 11.
FYLKESKOMMUNENS ANDEL	
Antal andelar	----
Innskoten andelskapital	----
Ansvarsdel i prosent	----
Medlemskontigent 2025	----
ANDRE MEDLEMAR	
Kommunar og fylkeskommunar	----
Staten	----
Private	Grunneigaren Inge Olai Sønnerheim og Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane
ORGANISASJON OG STYRING	
Dagleg leiar, styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Årsrapport	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	----
Fylkeskommunalt lån	----
Fylkeskommunalt tilskot 2025	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	
Årsmøte 2025	Ikkje heldt.
FORMÅL OG STRATEGI	

Samvirkeføretakets vedtektsfesta formål	<i>Føretaket sitt føremål er å ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskapet, på ein måte som ivaretek antikvariske omsyn, og å delta i tiltak som fremjar tradisjonell bruk av Sinjarheim. Føretaket vil delta i informasjons- og tilretteleggingstiltak for å møte ulike brukargrupper sine behov i området, og samarbeide med andre aktørar med tilsvarende oppgåver i Aurlandsdalen. Dette for mellom anna å unngå eventuelle konflikhtar og å unngå unødvendig slitasje.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med medlemskapen	Fylkeskommunens føremål med medlemskapen er å sikre at fjellgarden Sinjarheim også i framtida vert ein viktig undervisningsarena for elevane ved Sogn jord- og hagebruksskule. På Sinjarheim får elevane kjennskap til tradisjonell stølsdrift og ysting samt geologi, natur- og kulturhistorie.
STATUS OG VURDERING	
Status for politiske vedtak om medlemskapen	----
Tilråding om medlemskapen	Føremålet med medlemskapen gjer seg framleis gjeldande. Det kan likevel på sikt vere relevant å vurdere om fylkeskommunen sitt engasjement i Sinjarheim kan vere organisert på ein anna måte. Det blir tilrådd å vidareføre medlemskapen i samvirkeføretaket for no.

9. Kommunale oppgåvefelleskap (KO)

9.1 Om samarbeidsforma

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) regulerer kommunale oppgåvefelleskap (KO). Av lovas § 19-1 (1) går det fram:

To eller flere kommuner eller fylkeskommuner kan sammen opprette et kommunalt oppgåvefelleskap for å løse felles oppgaver. Kommunestyrene og fylkestingene vedtar selv å opprette et oppgåvefelleskap.

Den einskilde deltakaren i eit kommunalt oppgåvefelleskap har uavgrensa økonomisk ansvar for sin andel av oppgåvefelleskapet sine plikter. Til saman skal

andelene utgjere dei samla pliktene til oppgåvefelleskapet.³⁰

Deltakarane i eit kommunalt oppgåvefelleskap utøver den øvste mynde gjennom representantskapet.³¹

I tillegg til kommunelova, er eit kommunalt oppgåvefelleskap regulert av ein samarbeidsavtale.³² Vidare kan også andre lovverk gjelde, t.d. forvaltningslova, offentleglova, regnskapslova, skattelova, anskaffingslova, openheitslova mv. samt eventuelle særlover.

9.2 Kommunale oppgåvefelleskap innan kultur og folkehelse

Kommunearkivordninga i Vestland Kommunalt Oppgåvefelleskap

INFORMASJON	
Stiftingdato	01.01.2019
Organisasjonsnummer	930064661
Forretningsadresse	Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Kommune	Sogndal kommune
E-postadresse	Sigrun.Espe@vlfk.no (fagleiar)
Nettadresse	https://www.vestlandfylke.no/kultur/arkiv-og-dokumentasjon/kommunearkivordninga-i-vestland/
DELTAKARAR OG ANSVAR	
Totalt innskoten kapital frå deltakarane	Vedtektene § 12 Deltakarane si tilskotsplikt: Deltakarane betalar eit årleg økonomisk tilskot til drifta av samarbeidet i samsvar med vedteke budsjett. For deltakarkommunane vert dette tilskotet rekna ut på grunnlag av i) ein fast grunnsum og ii) eit beløp rekna ut i frå folketalet til deltakarkommunane pr. 1. juli året før budsjettåret. Det årlege tilskotet skal dekke dei alminnelege driftskostnadene med samarbeidet, og gjev deltakarane rett til å få utført følgjande tenester frå samarbeidet (basistenestene). [...] Vestland fylkeskommune sitt årlege økonomiske bidrag for

³⁰ Kommunelova § 19-2 (2).

³¹ Kommunelova § 19-3 (1).

³² Kommunelova § 19-4 (1).

	basistjenester, papirdepot og elektronisk depot består av eit fast årleg tilskot. [...]
Innskoten kapital frå Vestland fylkeskommune	Vestland fylkeskommune betalte inn kr. 1.088.488 i kontingent i 2025.
Ansvarsdel i prosent	5,26 %
Andre deltakarar (kommunar og fylkeskommunar)	18 kommunar i Vestland fylke
ORGANISASJON OG STYRING	
Styret og revisor	<u>Verksemdopplysingar - Brønnøysundregistrene</u>
Representantskapsmedlemar for fylkeskommunen	Representant: KULII-leiar Vararepresentant: KULII-nestleiar
Årsmelding	----
ØKONOMI	
Årsrekneskap	----
Fylkeskommunalt lån	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	
Representantskapsmøte 2025	07.03.25 ved Kine Bratli Dale, 25.04.25 ved Jacob André Telvik Nødseth, 24.10.25 ved Jacob André Telvik Nødseth
FORMÅL OG STRATEGI	
Oppgåvefelleskapens vedtektsfesta formål	<i>Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet kan yte depottenester for deltakarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltakarane ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørgje for at arkiva til deltakarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.</i>
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med deltakinga	Fylkeskommunens føremål med deltakinga i oppgåvefelleskapen er knytt til fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan arkiv.
STATUS OG VURDERING	

<p>Status for politiske vedtak om deltakinga</p>	<p>Vestland fylkeskommune sendte våren 2023 søknad til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i ei forsøksordning om å nytte vertskommunemodellen i kommunelova § 20-2 i organiseringa av Kommunearchivordninga i Vestland. KDD melde i skriv datert 06.05.24 at dei ønskja å gå vidare med søknaden. Dette fordra at samtlege deltakarar i kommunearchivordninga samtykka og einast i forslag til forsøksforskrift. Denne var på høyring til dei involverte partar, utan innvendingar.</p> <p>Fylkestinget gjorde vedtak 09.12.25 (i PS 126/2025):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vestland fylkeskommune stiller seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøksordninga i inntil fire år. 2. Fylkestinget vedtek Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet, som gjeldande i forsøksperioden. <p>Vestland fylkeskommune (ved avdelinga for kultur og folkehelse) søkjar i februar 2026 på vegne av deltakarane i Kommunearchivordninga, om å delta i forsøksordninga om administrativt vertskommunesamarbeid. Dersom søknaden blir innvilga vil det det arkivfaglege samarbeidet som i dag vert løyst gjennom eit kommunalt oppgåvefelleskap bli eit vertskommunesamarbeid med Vestland fylkeskommune som vertskommune (sjå likevel under "kommunale oppgåvefelleskap" om planer for denne ordninga. Fylkeskommunen vil som framtidig vertskommune vidareføre kommunearchivordninga sin medlemskap).</p>
<p>Tilråding om deltakinga</p>	<p>Det blir tilrådd å halde fram deltakinga i oppgåvefelleskapen for no.</p>


9.3 Kommunale oppgåvefelleskap innan opplæring og kompetanse

Det kommunale oppgåvefelleskapet Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

INFORMASJON	
Stiftingsdato	2007
Organisasjonsnummer	Underlagt Vestland fylkeskommune som kontorkommune
Forretningsadresse	Lars Hilles gate 22, 5008 BERGEN

Kommune	Bergen kommune
E-postadresse	sigurd@ndla.no (dagleg leiar)
Nettadresse	https://ndla.no/
DELTAKARAR OG ANSVAR	
Totalt innskoten kapital frå deltakarane	Deltakarane betaler årleg inn midlar til drift av oppgåvefelleskapen basert på ein einingspris per elev, multiplisert med elevtalet per 1. oktober året før det aktuelle driftsåret. Representantskapet kan årleg justere einingsprisen tilsvarande endring i SSB sin konsumprisindeks. Årleg indeksregulering skal gjerast med utgangspunkt i indeks for desember månad.
Innskoten kapital frå Vestland fylkeskommune	Vestland fylkeskommune betalte inn kr. 12.386.397 i 2025.
Ansvarsdel i prosent	12,7 %
Andre deltakarar (kommunar og fylkeskommunar)	I 2025 var alle fylka deltakarar utanom Oslo.
ORGANISASJON OG STYRING	
Styret og revisor	Styret 2024 (inntatt i årsmelding)
Representantskapsmedlemar for fylkeskommunen	Representant: OPPKO-leiar Vararepresentant: Jeanette Syversen (R)
Årsmelding	Årsmelding 2024 NDLA
ØKONOMI	
Årsrekneskap	Årsrekneskap 2024 (inntatt i årsmelding)
Fylkeskommunalt lån	----
FYLKESKOMMUNAL STYRING	
Representantskapsmøte 2025	30.04.25 og 19.12.25 ved Åsmund Berthelsen
FORMÅL OG STRATEGI	
Oppgåvefelleskapens vedtektsfesta formål	<i>Oppgåvefelleskapets formål er å utvikle, dele kompetanse, tjenester og teknologi, til nytte for videregående opplæring gjennom å:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle, anskaffe og tilby læremidler og læringsressurser, fritt tilgjengelig for elever, lærere og andre for å oppfylle fylkeskommunens ansvar etter Opplæringsloven § 3-1. - Bidra til samarbeid om læring, undervisning og kompetansedeling. - Utvikle teknologi og samarbeid nasjonalt og internasjonalt som støtter opp om formålet.
Fylkeskommunens formål (og evt. strategi) med deltakinga	Fylkeskommunens føremål med deltakinga i oppgåvefelleskapen er knytt til fylkeskommunale oppgåver og ansvar innan opplæring og kompetanse. Vestland fylkeskommune har den nest største andelen i oppgåvefelleskapen. Fylkeskommunen har, som kontorkommune for samarbeidet, det overordna ansvaret for administrativ og økonomisk drift av oppgåvefelleskapen.
STATUS OG VURDERING	

Status for politiske vedtak om deltakinga	----
Tilråding om deltakinga	Føremålet med deltakinga gjer seg framleis gjeldande og det blir tilrådd å vidareføre deltakinga i oppgåvefelleskapen.



vestlandfylke.no